

Årsmelding 2020



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Innhald

Rådmannen har ordet	side 3
Driftsrekneskapen 2020	side 6
Investeringar 2020	side 24
Vedlegg: Rekneskap 2020	side 27
Rådmannskontoret	side 34
Einingane sine årsmeldingar	side 42
Eining for innbyggjarservice	side 42
Eining for samfunnsutvikling	side 50
Eining for pleie og omsorg	side 57
Eining for funksjonshemma	side 64
Eining for helse	side 68
Dråpeslottet barnehage	side 72
Vassloppa barnehage	side 75
Samnanger barneskule	side 79
Samnanger ungdomsskule	side 83
Vedlegg: Rekneskap 2019	side 88

RÅDMANNEN HAR ORDET

Rådmannen har ordet

Om årsmeldinga

Årsmeldinga skal utarbeidast i tråd med kommunelova § 14-7. Ifølgje «generalbestemmelsen» skal årsmeldinga «...redgjøre for forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid».¹ Merk at det langsiktige perspektivet inneber eit nytt krav, som òg er framheva i § 14-1, der det heiter at «kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.»

Det er avgjerande at kommunen utformar årsrapporteringa slik at den fungerer som styrings- og kontrollverktøy for kommunestyret, og samstundes gjev god informasjon til ålmenta om kommunen si verksemd og utvikling.² Dette skal omfatte kommunen sin økonomi, samt ei overordna omtale av sentrale forhold ved kommunen si verksemd.³

Dei ulike krava lovverket stiller til årsberetninga, er svart på i økonomidelen i årsmeldinga. Underteikna vil avgrense merksemda kring den økonomiske stoda til nokre sentrale samanhengar som vil måtte legge føringar for planlegging på *kort sikt*, fordi dei påverkar kravet om å ivareta den økonomiske handleevna *over tid*.

Årets økonomiske resultat

Kommunen hadde i 2020 eit meirforbruk på kr 1 339 397,65. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2020 på kr 8 648 587,34. Det er ein reduksjon frå året før, på kr 1 070 273,61.

Årsaka til at kommunen gjekk med underskot i år, er at me måtte tapsføre eit sjukerefusjonskrav som på grunn av ein feil har akkumulert seg slik at det er for høgt. Rekneskapsmessig effekt av dette er på 2,2 mnok. Det aller meste er knytt til tidlegare år og utan denne tapsføringa ville resultatet for 2020 vore positivt. Andre vegen har kommunen eit beløp på kr 240 049, som må bokførast som kostnad neste år, då kunnskapen om dette kom for seint til å kunne ta kostnaden på 2020.

¹ Kommunelova § 14-7, andre ledd, bokstav a.

² Dette følgjer av prp. 46 L, kapittel 20.1.3.4, side 196.

³ Ibid.

Overordna vurdering av den økonomiske stoda, og av handleevna over tid

Samnanger kommune har relativt høg gjeld, kombinert med eit for lågt disposisjonsfond, og eit usikkert driftsresultat.⁴ Denne samanhengen gjer kommuneøkonomien sårbar.

På inntektssida ligg Samnanger kommune under landsgjennomsnittet kva gjeld inntekt frå skatt, og er heilt avhengig av inntektskjelder som mellom anna eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft. Inntekt frå sal av konsesjonskraft er ustabil, og kommunen bør redusera avhengighetsnivået så langt det let seg gjere. Eigedomsskatten er ei svært viktig inntektskilde for kommunen. Den er i endring og maksimal sats for hus og hytter er fleire gonger blitt redusert dei siste åra. Dette reduserer dermed kommunen sine mogelegheiter for å auke inntektene. Det er eit politisk ynskje i Samnanger at eigedomsskatten skal fjernast, men det er vanskeleg å sjå at dette kan gjerast dei neste åra.

For utgiftssida gav kommunen si lånegjeld på 260 mnok, i 2020 rente- og avdragsbetaling på 13,14 mnok. Frå 2014 har kommunen auka lånegjelda med 95 mnok. Svært låg rente over fleire år har vore avgjerande for at kostnadene ved lånegjelda ikkje har auka kraftig, og dermed ikkje skapt negative konsekvensar for tenestetilbodet. Høgare lånerente vil komme. Det er viktig både å ta høgde for den auka kostnaden, og å vere varsam med å auke lånegjelda ytterlegare.

Andre forhold som ikkje enkelt kan talfestast, men likevel kan ha betydning for vurderinga av handleevna over tid, kan oppsummerast via fire punkt (i kursiv i det følgjande):

Dei *sterke* sidene til kommunen er mellom anna god og stabil tenesteproduksjon, stabil og god arbeidskraft, god lokalkunnskap, god byggmasse, dedikerte og samvitsfulle tilsette, samt korte linjer i organisasjonen. Av *kortsiktige utfordringar* bør framhevast at trass målretta arbeid dei seinare åra, er det framleis eit etterslep innan utarbeiding og implementering av system og rutinar. Det er dessutan fleire nye einingsleiarar, som treng opplæring i varierende grad. Kommunen er elles part i tre søksmål, samt at kommunen stadig mottek omfattande innsynskrav, stort sett frå ein og same stad. Søksmål og innsynskrav inneber at andre oppgåver tidvis må leggast til side, samt at det blir vanskeleg å ta på seg uforutsette oppgåver ein elles ville kunne ha handtert.

Av *større utfordringar* med meir ukjent utfall som kan ha betydning økonomisk, bør først og fremst framhevast uvisse kring utfallet av søksmåla kommunen er part i. For særleg det eine er det knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av utfallet. I tillegg til dette er det innan kommunesektoren generelt, avdekkast store manglar innan IT-tryggleik. Dette omfattar truslar som følgje av målretta angrep, og det omfattar tryggleiksutfordringar som følgje av outsourcing av tenester til ulike IT-leverandørar, der det ofte viser seg at det er gjort ein for dårleg jobb i kontraktsfasen, på å avklare kven (kommunen eller leverandøren) som har ansvaret for tryggleiksspørsmål. Dette gjeld særleg forsvarleg handtering av personopplysningar. Det er igangsett arbeid med desse utfordringane i regi av styret i IKT Nordhordland, og kostnadsbildet er ukjent.

Kommunen har òg *mogelegheiter*. Hausten 2020 blei det sett i gong ein prosess på å redusere driftsutgiftene ved skulane, og samstundes vurdere korleis å ivareta nye krav til måten å legge opp undervisninga på. I skrivande stund ser dette arbeidet til å ha lukkast. Det blei òg igangsett eit arbeid med å organisere eksterne og interne førespurnader, der det er tydeleg at dagens handtering legg beslag på for store ressursar. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Fokuset på organisering og ressursutnytting må halde fram med uforminska styrke i 2021. Det bør vere mogeleg å stramme inn på drifta på fleire einingar enn skulane, men det er uvisst kor mykje slike innsparingar kan utgjere. Samstundes tek kommunen aktivt og løypande i bruk nye system som gjer det enklare å samhandle og å kommunisere utan fysiske møter, og det er venta ein viss effekt av dette allereie

⁴ Det er *netto* driftsresultat som er disponible til avsetjingar eller finansiering av investeringar. Difor er det netto driftsresultat som må nyttast som resultatmål.

i 2021. I organisasjonen vil det elles i dei komande åra vere fokus på kompetanseutvikling og organisasjonslæring. Det bør òg gjerast nokre val kva gjeld framtidig organisering, slik at det er mogeleg å planlegge meir målretta.

I sum tilseier det som er sagt ovanfor i dette avsnittet, at innan kommunen bør påta seg å finansiere større prosjekt, som til dømes bygging av fleirbrukshall/idrettshall, bør noko av den usikkerheita som er omtala, vere redusert. Nokre av avklaringane vil komme som følgje av eksterne prosessar. Sett frå underteikna sin ståstad framstår det som fornuftig å prioritere å gjere ytterlegare grep for å stramme inn på drifta, for på den måten å skaffe seg økonomisk armslag til å handtere framtidige investeringsbehov.

Samfunnsutvikling

Samnanger kommune hadde ein folketalsvekst på 19 i 2020, og hadde ved utgangen av 2020, 2504 innbyggjarar. Ifølgje SSB si folketalsframskriving vil Samnanger ha 2561 innbyggjarar i 2030, og 2633 innbyggjarar i 2050.⁵

I arbeidet med kommuneplanen vil det vere viktig å gjere ulike avklaringar kring satsingsområde, og kring kommunen si rolle innan samfunnsutvikling. Kommunen kan, i tillegg til rolla som *tilretteleggjar*, i større grad velje å vere *pådrivar* for utvikling, der/dersom dette synast formålstenleg.

Om dette dokumentet

Hausten 2020 starta administrasjonen ein prosess på å vurdere korleis me kan oppnå betre samanheng mellom overordna planar, budsjettokumentet, økonomiplanprosessen og årsmeldinga. Programmet *Framsikt* gjer det mogeleg å skape integrasjon mellom planverk, styringssystem og internkontroll. Det vil òg forenkle publisering på heimesida, samt distribusjon av dokument, og er eit effektivt støttesystem for styring gjennom heile årshjulet til kommunen. Me har starta med rapportering og planarbeid, og arbeider for å ta i bruk dei ulike modulane slik at neste årsmelding får eit løft, både innhaldsmessig og systematisk.

Samnanger 31. mars 2021

Ingebjørg Vamråk

Rådmann

⁵ Sjå gjerne SSB si oversikt over andre kommunefakta for Samnanger kommune: [Kommunefakta Samnanger - SSB](#)

FAKTA OM DRIFTSREKNESKAPEN

Underskot:

Kr 1 339 397,65

Netto driftsresultat:

Kr 1 521 768,13 (overskot)

Disposisjonsfond:

Kr 8 648 587,34.

Mål i økonomiplanperioden:
ca. 15 mnok

Korrigert netto overskot i % av brutto driftsinntekter:

-0,46 %

(budsjettmål 1,75 %)

Driftsinntekter:

240,75 mnok

Driftsutgifter:

240,68 mnok

Lånegjeld:

260,44 mnok.

Mål i økonomiplanperioden:
maks 240 mnok.

Driftsrekneskapen 2020

Kommunen hadde i 2020 eit meirforbruk på kr 1 339 397,65 som er dekkja inn ved å redusera budsjettet avsetjing til disposisjonsfond, jf. kommunelova § 4-2. Disposisjonsfondet var på kr 9 718 860,95 ved inngangen av året og pr. 31.12.2020 er det på kr 8 648 587,34. Det er ein reduksjon på kr 1 070 273,61.

Underskotet på 1,34 mnok er inkludert tapsføring av for høge akkumulerte sjukerefusjonskrav. Tapsføringa er på 2,2 mnok. Det aller meste er knytt til tidlegare år og utan denne tapsføringa ville resultatet for 2020 vore positivt. Sjå meir informasjon under avsnitt «Einingane».

Etter at rekneskapen var avslutta, vart det avklart med NAV stat at faktura for refusjon leiar må krediterast. Faktura er på kr 240 049,00. Dersom avklaringa hadde kome litt tidlegare, ville bokført meirforbruk vera på 1,58 mnok. Dette må no førast i 2021.

Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at underskotet på 1,34 mnok skuldast:

Skatt, ramme og inntektsutjamning inkl. koronatilskot	- 2,77 mnok
Eigedomsskatt	-1,59 mnok
Premieavvik	+ 5,46 mnok
Einingane	- 0,08 mnok
Netto avsett til disp.fond inkl. resultat 2019	-0,38 mnok
Konsesjonskraft	0,53 mnok
Renter og avdrag inkl. fordelte renter	-0,49 mnok
Havbruksfondet	+ 0,42 mnok
Tilskot til flyktningar (IMDI)	+ 0,28 mnok
Underskot dekkja ved redusert avsetjing disp.fond	- 1,34 mnok

Eit tal i + er lågare inntekter eller auka utgifter

Skatt og rammeinntekt	Skatt	Ramme	Korona	Sum
Opphavleg budsjett	-71 436	-89 859		-161 295
Revidert budsjett	-68 911	-91 259	-4 159	-164 329
Rekneskap	-67 736	-92 174	-4 159	-164 068
Avvik mot opphavleg budsjett	3 701	-2 315	-4 159	-2 773
Avvik mot revidert budsjett	1 175	-915	0	260

Tal i heile tusen. Eit tal i + er lågare inntekt

Kommunane i Noreg har samla hatt ein nedgang i skatteinntektene på 0,7 % frå 2019. Koronapandemien har ført til auke arbeidsledigheit, permittering og stor usikkerheit for mange bransjar.

Samnanger hadde i 2020 til tross for dette, ein vekst på 0,4 %. Samanlikna med landsgjennomsnittet er skatteinngangen, inkludert naturressursskatt, på 86,6 % (85,6 %) før inntektsutjamning og på 94,7 % (94,6 %) etter inntektsutjamninga (2019-tal i parentes.) Avviket er på 3,7 mnok mot opphavleg budsjett og 1,2 mnok mot revidert budsjett. Auka inntektsutjamning har kompensert for lågare skatteinngong. Totalt fekk kommunen 6,3 mnok i inntektsutjamning, det var budsjetttert med 4,2 mnok.

Kommunen søkte om auka skjønsmidlar til utgifter knytt til gransking barnevern og tilskot til oppreising, men fekk avslag.

Nøkkeltal i økonomiplanperioden

Kommunestyret har vedtatt 3 nøkkeltal for økonomiplanperioden:

- Korrigerte netto driftsresultat i % av driftsinntektene, mål 1,75 %. Resultat 2020 er -0,46 %
- Lånegjelda skal ikkje overstige 240 000 000 kroner. Lånegjeld pr. 31.12.2020 er 260 mnok.
- Disposisjonsfondet skal liggja på ca. 15 000 000 kroner. Disposisjonsfond pr. 31.12.2020 er 8,6 mnok.


Det står meir informasjon under avsnitta lånegjeld og fond.

- Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntektene, mål 1,75 %

Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i % av driftsinntektene på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal statsforvaltaren er oppteken av.

Samnanger har i 2020 eit netto driftsresultat på 0,63 % av brutto driftsinntekter.

Kommunen har bunde fond som er med å finansiere utgifter, spesielt innafor sjølvkost. I tillegg vert det for eksempel sett av til bunde fond dersom det vert gitt tilskot i løpet av året, men der utgifta først kjem året etter. Dersom me korrigerer for avsett og bruk av bunde fond vil me få eit meir rett bilete av rekneskapan. Korrigert netto driftsresultat i % av korrigert brutto driftsinntekter vert då negativt med 0,46 %. Dette var 0,84 % for 2019 og 1,42 % i 2018. Det er i budsjettet vedtatt eit mål for 2020 på 1,75 %.



Einingane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. ansvar summert pr. eining. Eit tal i pluss er eit meirforbruk (underskot). Avvik er vist i kroner og prosent i forhold til revidert budsjett.

Totalt har einingane, rådmannskontoret inkl. barnevern og konsesjonskraft eit meirforbruk på 0,66 mnok i forhold til revidert budsjett. Om me held konsesjonskraft utanfor blir meirforbruket redusert og er då på 0,13 mnok. Dette skuldast at det er eit avvik på konsesjonskraft på 0,53 mnok.

I samband med overgang frå rekneskapssystem Agresso til Visma vart det avdekka at tapsført sjuke- og svangerskapsrefusjon i refusjonsmodulen ikkje var blitt bokført i rekneskapen. Dette har pågått over fleire år og har samband med ei oppdatering av refusjonsmodulen i 2015/2016. Bokført krav mot NAV har over fleire år auka og akkumulert tap på totalt 2,2 mnok er no kostnadsført. Det er fordelt på einingane og er inkludert i oversikta. Meirforbruk på løn og refusjon er på 1,4 mnok inkludert tapsføring på NAV.

Driftsrekneskap netto pr ansvar/ eining	Rekneskap 2020	Rev.budsjett 2020	Avvik mot rev.budsjett	Avvik i %
Rådmannskontoret	7 701	7 821		
Næringsføremål	-5 370	-5 899		
Barnevern	5 117	5 129		
Rådgjever	14 306	14 654		
Sum rådmann	21 755	21 705	50	0,23 %
Politisk nivå og revisjon	2 879	2 658	221	8,33 %
Samfunn og utvikling, adm.	0	-16		
Teknisk forvaltning	9 302	9 166		
Teknisk drift	13 031	12 639		
Eining for samfunnsutvikling	22 332	21 790	543	2,49 %
Eining for helse	12 520	12 530	-10	-0,08 %
Pleie og omsorg, adm.	453	454		
Tenester for funksjonshemma	11 159	10 761		
Sjukeheim	24 245	24 220		
Heimetenester	15 875	15 963		
Eining pleie og omsorg	51 732	51 398	334	0,65 %
Barnehageeininga	16 887	16 609	278	1,68 %
Samnanger barneskule	21 475	20 728	747	3,60 %
Samnanger ungdomsskule	10 747	11 258	-511	-4,54 %
Eining for innb.service, adm.	18	3		
Servicesenteret	2 352	2 499		
Kultur	6 871	7 259		
Nav og flyktningekontor	3 808	4 279		
Eining for innbyggjarservice	13 048	14 040	-992	-7,06 %
Sum einingar	173 377	172 716	660	0,38 %

(meirforbruk +/ mindreforbruk -)(tala i 1.000 kr)

I høve til opphavleg budsjett har einingane brukt ca. 0,07 mnok mindre enn budsjettert. Nettoinntekt frå konsesjonskraft er 0,53 mnok lågare enn budsjettert. Dette skuldast at budsjettert inntekt låg over avtale om garantert minstepris.

Korona-året 2020

Korona-pandemien har prega det meste av 2020. Pandemien har gitt auka utgifter for dei fleste einingane, men har òg ført til at arbeid, prosjekt og arrangement ikkje har blitt gjennomført som planlagt. Dette har då òg ført til sparte utgifter på nokre områder. Mange tilsette har òg opplevd stor arbeidsbelastning siste året. Staten har gitt kommunen auka tilskot til drift og til inntektssvikt i barnehage, SFO og skatt på 4,075 mnok. I tillegg er det utbetalt 0,3 mnok i tilskot knytt til at overgang til statleg skatteoppkrevjar vart utsett til november 2020. Totalt sett har kommunen hatt låge netto meirutgifter med pandemien. Meirarbeid for leiarar er ikkje registrert som ein kostnad.

Korona-relaterte utgifter og inntekter vert ført på eige prosjektnummer. Totalt har einingane registrert 4,3 mnok i ekstra utgifter.

Staten reduserte arbeidsgjevaravgiftssatsen for 3. termin (mai og juni) frå 14,1 % til 10,1 %. Dette utgjorde 1 mnok i redusert avgift som er fordelt ut på einingane.

Staten sette òg ned momssatsen for reise m.m. frå 12 % til 6 %, utan at dette har noko stor økonomisk påverknad for kommunen.

Arbeidsgjevarperioden vart redusert frå 16 dagar til 3 dagar på korona-relatert fråvær, noko som gav auka refusjon på kr 266 000,00.

Korona-pandemien er òg årsaka til at lønsoppgjeret vart langt lågare enn forventa. Dette gav òg utslag i lågare pensjonskostnad og pensjonsutgiftene vart 5,1 mnok lågare enn forventa. Då er ikkje arbeidsgjevaravgift tatt med. Lågare pensjonskostnad gir lågare premieavvik (redusert inntekt).

I tillegg til driftstilskot er det betalt ut 1,1 mnok i rehabiliteringstilskot som har til hensikt å auka aktivitetsnivået i næringslivet. Tilskotet skal nyttast til nytt ventilasjonsanlegg på ungdomsskulen og til å skifta tak m.m. på bustad på Reistad. Arbeidet vil verta avslutta i 2021.

Fylkeskommunen har gitt kr 964 468,00 i tilskot til næringsfond. Dette er òg eit verkemiddel for å auka opp aktiviteten. Stønadsordninga vert administrert av kommunen.

Oversikt utgifter og inntekter for einingane

Totalt sett har einingane eit mindre meirforbruk mot revidert budsjett og ei lita innsparing samanlikna med opphavleg budsjett. Oversikta under viser sum løn og refusjon, andre utgifter og inntekter for einingane samla. Tala er i heile tusen, konsesjonskraft er ikkje med. Eit tal i + er eit meirforbruk.

	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett	Avvik mot rev.budsjett	Avvik mot budsjett
Løn og refusjon	151 836	150 474	150 069	1 362	1 767
Andre utgifter	69 394	69 069	64 254	324	5 140
Inntekter	-42 484	-40 928	-35 502	- 1 556	- 6 982
Sum	178 746	178 616	178 821	131	-75

Størst negativt avvik mot revidert budsjett er det på løn og refusjon på til saman 1,36 mnok. Korrigerings av tapsføring på refusjon på 2,19 mnok forklarar avviket. Redusert arbeidsgjevaravgift og svært moderat lønssoppgjer som resulterte i låge pensjonskostnader forklarar kvifor avviket ikkje er større.

	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett	Avvik mot rev.budsjett	Avvik mot budsjett
Løn	158 294	157 955	153 501	338	4 793
-Av dette koronarelatert	2 893	2 340	0	554	2 893
Refusjon	-8 643	-7 481	-3 432	-1 162	-5 211
Tap refusjon	2 186	0	0	2 186	2 186

Det er brukt 0,3 mnok meir i andre utgifter enn budsjettet. Av dette er kr 80 171,00 av meirforbruk knytt til korona. Andre utgifter er mellom anna kjøp av materiell, tenester, varer osv. Her er òg med avsett til bunde fond. Det vert avsett til bunde fond på sjølvkost eller til andre formål når utgifta kjem i 2021.

Det er eit positivt avvik på inntekter på 1,5 mnok.

	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett	Avvik mot rev.budsjett	Avvik mot budsjett
Sal, brukarbetaling og gebyr	-23 593	-23 258	-23 833	-335	241
Tilskot frå stat, fylke og kommunar	-12 601	-10 204	-8 014	-2 367	-4 587
Refusjon frå private	-755	-548	-586	-207	-169
Andre overføringar frå private	-218	-171	-101	-47	-117
Bruk av fond mm	-5 317	-6 748	-2 968	1 431	-2 350

Kommunen har i 2020 mottatt 2 367 mnok meir i tilskot frå stat, fylkeskommune og kommunar enn budsjettet. Kr 964 468,00 er tilskot til nytt næringsfond og kr 954 900,00 er tilskot til digital undervisning. Mesteparten av utgifta vil kome i 2021 og pengane er sett av på fond. Skulane har fått til saman 1,4 mnok i tilskot til mellom anna vikarordning og lærarspesialiststudie. Frivilligsentralen har mottatt kr 164 400,00 i tilskot frå Gjensidigestiftelsen (Ildsjelsenteret.no).

Kommunestyret løyvde 3,7 mnok frå disposisjonsfondet i revidert budsjett. Dei største summene vart løyvd til barnevern (oppreising og gransking) på 1,2 mnok, sluttavtale på 0,7 mnok, kontrollutvalet på 0,59 mnok, og ny stilling i administrasjonen på 0,4 mnok. Sjå noteopplysning om disposisjonsfondet for fleire detaljar. Det er brukt 0,39 mnok mindre knytt til lågare utgift med prosjektgruppa barnevern og forseinking på planarbeid på teknisk forvaltning.

Bruk av bunde fond er 0,8 mnok lågare enn i revidert budsjett. Avsett og bruk av bunde fond vert bestemt av regelverk.

For meir inngåande forklaring på avvik vert det vist til einingane sine årsmeldingar.

Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre

Tabellen under viser (kostra-tabell 12362) korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2020 med kostragruppe 4 (KG 4) og kostragruppe 1 (KG 1).

«Pleie og omsorg» omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

	Samnanger							KG 4	KG 1
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2020	2020
Adm. og styring	8,1	7,8	8,3	8,4	8,7	8,8	9,1	7,4	7,1
Barnehage	11,8	11,5	11,1	11,0	11,2	11,3	11,2	8,9	11,0
Skule	20,5	20,9	20,6	20,0	19,9	19,4	19,1	17,2	19,5
Pleie og omsorg	36,5	35,6	34,1	33,9	33,8	32,9	34,4	36,9	34,1
Sosial	2,2	2,1	2,5	3,7	3,6	3,0	2,3	2,9	3,3
Barnevern	3,5	3,4	4,7*	2,8	2,7	2,8	2,4	2,6	3,1
Kultur	2,2	2,4	2,4	2,3	2,7	3,0	2,8	3,1	2,8
Kyrkja	1,4	1,4	1,4	1,4	1,5	1,5	1,5	1,3	0,9
Næring	0,6	0,6	0,9	1,4	0,7	2,0	1,8	2,8	1,4
Samferdsle (veg)	1,6	1,9	1,6	1,9	2,1	1,7	1,7	1,9	1,6
Brann	1,7	1,9	1,8	1,8	2,0	2,1	2,1	1,6	1,5

*Inkludert skuldig til Bufetat kr 3,5 mill.


Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/mangel på effektivitet.

Frå 2020 er Samnanger flytta frå kostragruppe 3 (KG 3) til kostragruppe 4 (KG 4). Begge gruppene er små kommunar (frå 2 000 til 9 999 innbyggjarar). KG 4 har høge bundne kostnader og låge korrigerede inntekter. KG 3 har låge bundne kostnader og høge korrigerede inntekter.

Me har ofte òg samanlikna kommunen med kostragruppe 1. Dette er fordi denne gruppa er små kommunar som har låge bundne kostnader og låge korrigerede inntekter. Låge inntekter betyr at dei må prioritera godt mellom dei ulike tenesteområda og kan derfor vera ei betre samanlikningsgruppe enn kommunar som har høge inntekter. No er Samnanger flytta frå gruppa med høge inntekter til gruppa med låge inntekter. I tillegg har kommunen høge bundne kostnader. Dette gjer at prioritering og bruk av tilgjengelege midlar må vurderast nøye. Det vil ikkje vera mogeleg å gjera alt kommunen ynskjer på alle område og det er viktig at midlane vert brukt så effektivt som mogeleg for å oppretthalda kvalitet.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksemda i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda. Det som er verdt å merka seg er at Samnanger kommune bruker ein større del av driftsutgiftene på barnehage enn både i KG 4 og KG 1. Samanlikna med KG 4 har kommunen prioritert politisk styring og administrasjon, barnehage, skule, kyrkja og brann opp, medan for eksempel helse og omsorg er prioritert ned. Når det gjeld sosial har eininga vore med på eit prosjekt (år 2) som har gitt positive resultat. Utviklinga der mindre del av brutto utgifter går til sosial er både forventa og positivt.

Helse og omsorg har lågare del av brutto driftsutgifter enn i KG 4. Dette kan sjølvstøtt bety at området er lågare prioritert enn for eksempel skule og barnehage, men når me veit at både



sjukeheim og bufellesskap er nye bygg er det òg mykje som tyder på at dette har gitt meir effektiv drift.

Auken på politisk styring og administrasjon er i hovudsak knytt til auka løyving til kontrollutvalet til varslings sak. Totalt fekk kontrollutvalet tilført kr 514 000,00 ekstra. Det er òg i 2020 brukt ekstra midlar på gransking av barnevern knytt til politisk nivå. Det er òg tilsett jurist i 100 % stilling og auka opp ressursane på HR og økonomi.

Dersom me ser på korrigererte brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner (driftsutgifter ved eigenproduksjon inklusiv avskrivning) kan det Samnanger brukar samanliknast med det som er

gjennomsnittet i KG 4 og KG 1 og kan gje ein indikasjon på potensiell innsparing.

	Samnanger	KG 4	KG 1	Avvik mot KG 4	Avvik mot KG 1
Barnehage	9 256	6 906	5 801	2 350	3 455
Skule	17 870	16 941	16 627	929	1 243
Pleie og omsorg	29 771	34 959	27 346	-5 188	2 425

Me kan òg sjå på netto driftsutgifter pr. innbyggjar, justert for utgiftsnivå (aldersgruppering). I netto driftsutgifter er driftsinntekter som tilskot og brukarbetaling med.

	Samnanger	KG 4	KG 1	Avvik mot KG 4	Avvik mot KG 1
Barnehage	10 198	9 367	9 106	831	1 092
Skule	15 380	15 773	14 981	-393	399
Pleie og omsorg	19 434	18 663	19 442	771	-8

Tal innbyggjarar pr 31.12.2020 er 2 504. Dette er ein auke på 19 personar.

Frie inntekter

Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med.

Grafen viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr. innbyggjar dei siste 5 åra samanlikna med KG 1 og KG 3 t.o.m. 2019 og KG 4 i 2020. Samnanger er frå 2020 plassert i KG 4, som i snitt har kr 65 744 pr. innbyggjar. Samnanger har i 2020 kr 65 527 pr. innbyggjar. Samanlikna med KG 1 har Samnanger kr 5 124 meir pr. innbyggjar.

Dersom me ser på frie inntekter inkludert eigedomsskatt, i % av brutto driftsinntekter, ser me at Samnanger i større grad enn dei andre gruppene kommunen er samanlikna med, har inntekter frå ramme, skatt og eigedomsskatt. Det betyr òg at kommunen har lågare %-del av inntektene

frå andre driftsinntekter, statlege tilskot, sals- og leigeinntekter. I 2020 kom 8,7 % av inntektene frå andre driftsinntekter, til samanlikning var tilsvarande tal for KG 1, 3 og 4 på mellom 12,2 og 13,9 %. Samnanger kommune har i 2020 mottatt 1,3 % av brutto driftsinntekter i statstilskot. Tilsvarande tal for KG 3 er på 8,7 % og KG 4 er på 3,5 % . Inntekt frå konsesjonskraft utgjør i 2020 3,4 % av brutto driftsinntekter. KG 4 er på same nivå, medan KG 3 ligg på 0,8 % mot 3,5 % i 2019. Prisane i 2020 var svært låge og kommunar som ikkje hadde sikra inntekta kom dårleg ut.

Oversikt over frie inntekter inkludert eigedomsskatt:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Samnanger	78,8	76,5	73,3	72,3	73,4	74,2
KG 1	69,9	67,3	64,8	64,7	69,5	70,2
KG 3	65,1	64,2	63,8	61,8	62,5	61,9
KG 4	70,8	69,8	66	66,1	69,2	66,4

Havbruksfondet


Kommunen har fått utbetaling frå Havbruksfondet frå og med 2017. Utbetalingane har variert mykje. Det skuldast at det er sal og auksjon annakvart år. Det er no tatt grep for å gjera inntekta litt meir forutsigbar for kommunane. Det vil framleis vera annakvart år med høgare inntekt, men med noko mindre variasjon enn det har vore fram til no. I 2020 fekk kommunen utbetalt 1,7 mnok. Det var budsjettert med 2,2 mnok med avsetjing til disposisjonsfond.

	2017	2018	2019	2020
Havbruksfond	43 372	2 249 985	173 337	1 777 209

Premieavvik og pensjonsfond

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.

Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (mellom anna lønsvekst og pensjonsregulering).



Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2020 vart det brukt 1,7 mnok av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK (Statens pensjonskasse). For KLP (Kommunal Landspensjonskasse) og SPK vart premieavviket positivt med 3,6 mnok inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2020 ei «inntekt» på 2,8 mnok (3,5 mnok i 2019). Dette er om lag som revidert budsjett, og 5,5 mnok lågare enn i opphavleg budsjett. Den låge pensjonskostnaden i 2020 gav stor innsparing på pensjon, om lag 5 mnok, som reduserer årets premieavvik.

Det er vorte ei endring i reglane for avsetting av offentleg tenestepensjon som gjer at det vil verta frigjort betydelege midlar frå oppspart tenestepensjon. For Samnanger utgjer dette om lag 13 mnok som vil verta frigjort i mai 2021. Midlane kan brukast til å betala framtidig pensjonspremie frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse). Kommunen avgjer sjølv når midlane skal nyttast. Det er framleis noko usikkerheit knytt til delar av pensjonsordninga som gjer at det kan vera fornuftig å la noko stå urørt. Kommunen bør i løpet av vår/sommar 2021 ta stilling til korleis bruken skal vera. Dette vil ikkje påverka rekneskapen i 2021, men vil få resultat-effekt med 1/7-del dei neste åra. Det er fordi bruk av fond påverkar premieavviket.

Finansplassering

Kommunen har pr 31.12.2020 kr 276 675,09 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 3 065,63 i 2020 som er ein auke på 1,12 %.


Innskotsrenta i både SPV (Sparebanken Vest) og DNB ASA har vore låg og på 0 % på driftskonti på slutten av året. Kommunen har no endra rentevilkåra for konto med særtilkår i SPV (Sparebanken Vest) til nibor-basert 3 md. Dette gir pr. mars auka avsetning med 0,2 %.

Lånegjeld og renter

Nøkkeltal i økonomiplanperioden:

- Lånegjelda skal ikkje overstiga 240 000 000 kroner

Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Kommunestyret har vedtatt at




lånegjelda i økonomiplanperioden ikkje skal overstiga 240 mnok. Grafen viser utviklinga der lånegjelda har auka frå 152 mnok i 2013 til 260 mnok i 2020. Byggjelånet på 10,48 mnok er ikkje betalt tilbake. Av lånegjelda på 260 mnok er 5,1 mnok startlån pr 31.12.2020 (3,9 mnok i 2019). Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2020 var på 8,3 mnok. Av dette er 2,5 mnok unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pr 31.12. ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og eventuelt avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er knytt til forseinking i prosjekt. Det er i 2020 tatt opp lån på til saman 16,5 mnok inkludert nytt startlån på 2 mnok.

2016: byggjelån 20 mnok er betalt tilbake.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 4 (KG 4), der Samnanger frå og med 2020 er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 4 er 39 små kommunar med høge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. KG 1 (39 kommunar) er små kommunar med låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld per innbyggjar har auka frå kr 54 945,00 i 2013 til kr 101 376,00 i 2020. Då er byggjelån på 10,49 mnok med. I 2019 var netto lånegjeld pr. innbyggjar på kr 95 850,00. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mnok forklarar reduksjonen frå 2015 til 2016.



Samnanger skifta frå gruppe KG 3 til KG 4 i 2020 og samanlikninga er då endra mot gruppe KG 4 i 2020.

I ei slik oversikt, der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil for eksempel lånegjeld pr innbyggjar auka dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar

var ved utgangen av 2020 på 2 504. Dette er opp 19 personar frå 2019. Netto lånegjeld har frå 2019 til 2020 har auka med 15,6 mnok.

Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av til tap på startlån som står på fond. I 2020 har me søkt Husbanken om kostnadsdekning av eit tap på til saman kr 281 627. Kommunen har ikkje mottatt svar pr. mars, men det er lagt inn ein 25 % eigenandel som er finansiert med bruk av tapsfondet med kr 70 407,00. Startlåna vert frå og med 2016 administrerte av Lindorff as.


Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera for eksempel drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.

For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 1,39 % for 2020, lånerenta var ved utgangen av 2020 var mellom 0,8 % og 2,43 %. 42 % av lånegjelda har fast rente pr 31.12.20. Det vert òg driftskostnad dersom sjølvkostområda ikkje er sjølvfinansierende.

Grafen til høgre viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og rente/avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg og gjer at kommunen sine renteutgifter ikkje har auka med meir enn 1,2 mnok frå 2014 til tross for at lånegjelda har auka med 95,4 mnok i same periode.

Avdragsutgiftene har auka frå 4,9 mnok i 2014 til 8,4 mnok i 2020. I 2020 vart det vedtatt å betala mindre avdrag enn det nedbetalingsplanen viste og avdraga vart redusert med 0,5 mnok (0,9 mnok i 2019).

Pr. 31.12.2020 er det 36,5 mnok av lånegjelda som kommunen ikkje har starta å betala avdrag. (Byggjelånet er ikkje med her.)



Kommunen har betalt 0,07 mnok over kravet om minimumsavdrag. Kommunen betaler lågare avdrag enn det statsforvaltaren anbefaler om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2020 ligg Samnanger på 3,28 % (3,18 % i 2019), det vil seia 0,56 mnok under kravet. Dette kravet tek ikkje omsyn til byggjeperiode på prosjekt og byggjelån. Dersom byggjelånet på 10,48 mnok vert halde utanfor, er avdragsbetalinga 0,2 mnok over anbefalinga på 3,5 %.

Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det vart vedtatt å betala mindre i avdrag både i åra 2014 – 2016 og 2018 – 2020. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.

42 % av låna er tatt opp med bunden rente. Lånegjeld knytt til sjølvkostområda og til startlån kan trekkast frå når me skal berekna storleiken på lånegjeld som er utsett for rentesvingingar. Korrigert for denne lånegjelda er det 119 mnok som er renteeksponert. Ei renteauke på 1 % vil gje auka rentekostnad på 1,19 mnok pr år.

Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Dette vil gje større forutsigbarheit, men den bundne renta vil over tid liggja over den løpande renta og vil medføre ein meirkostnad. Den andre måten er å ha ein buffer i form av eit disposisjonsfond som vert brukt til å betala renteauke med. Dersom disposisjonsfondet er stort og det er lite usikkerheit knytt til andre rekneskapspostar, er det mindre grunn til å binda større del av lånegjeld. Over tid er det svært sjeldan at det svarar seg å binda renta, men risikoen for og evne til å handtera ein eventuell renteauke vil ha stor betydning for kva kommunen bør velja. Finansreglementet seier at mellom 20 og 70 % av lånegjelda skal ha bunden rente.


Sjå note 12 i rekneskapen for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2020 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til soknerådet. Totalt har kommunen mottatt kr 400 349,00. Av dette gjeld kr 84 966,00 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane er vidareformidla til Samnanger eigeidom.



Inntekt frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft



Samnanger kommune sel 22 321,1 MWh/år. I november 2019 valde kommunen å selja krafta for 2020 gjennom ei prissikringsavtale med Kinect Energy Spot as. Det vart budsjettert med pris som låg litt over prissikringsavtale og budsjettet var på 5,9 mnok. Netto inntekt i 2020 vart på 5,4 mnok. Prissikringsavtala som vart inngått for 2020 viste seg å vere svært heldig. Prisane i 2020 var svært låge og enkelte månader var kostnaden med å produsere krafta høgare enn inntekta ved sal.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinntang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane. I 2020 fekk kommunen 4,4 mnok i naturressursskatt.

Konsesjonsavgift

I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på annan måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2020 fekk Samnanger kommune kr 1 107 123,00 og er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av statsforvaltaren. Vedtektene må òg vera i samsvar med reglane om offentleg støtte jf. EØS-avtala. Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg:
(tal i heile tusen):

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Konsesjonskraft	3 908	1 524	2 375	3 228	5 512	5 575	5 418
Konsesjonsavgift	979	979	979	979	979	1 107	1 107
Naturressursskatt*	4 388	4 275	4 382	4 426	5 429	5 490	4 396
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon (og produksjonsrelatert nettanlegg**)	8 532	7 133	5 726	4 028	3 216	3 264	4 223
Sum inntekter	17 808	13 911	13 463	12 661	15 136	15 436	15 145

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane ** til og med 2018.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det skrive ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2020. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg med meir er på 2,8 promille. Botnfrådrag pr bustadeining er på kr 30 000.

Kommunen fekk i 2020 inn 14,9 mnok (13,1 mnok) i eigedomsskatt, av dette kjem 9,6mnok (7,9 mnok) frå næring og 5,3 mnok (5,2 mnok) frå eigedomsskatt på hus og hytter (2019-tal i parentes).

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, det vil seia at inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar med meir vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldsarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg lågt i fleire år framover.




I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette snudde i 2018 og prisen var òg høg i 2019. Prisen i 2020 har vore unormalt låg. Prisane påverkar verdien av anlegget fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekka feil i fordelingsnøkklane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Tidlegare var fordelinga for dei fleste anlegga 100 % til Samnanger. No skal ein del av inntekta gå til Kvam herad. Saman med Kvam har me fått kvalitetssjekka dette av advokatselskapet Lund & Co., som ikkje finn at det er gjort noko feil. Skatteetaten har korrigert fordelingsnøkklane for 2017 og me har fått melding om at dei ikkje på eige initiativ kjem til å gå fleire år tilbake.

Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sin kraftproduksjon i Samnanger halvert frå 2014. Grunnlaget var då på 1 219 mnok og no i 2020 er grunnlaget på 603 mnok. Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 4,3 mnok frå 2014.

Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi. For 2020 var summen kr 22 561,00.

I desember 2020 fekk kommunen melding om at klageskattenemnda har gitt BKK produksjon as medhald i klager over fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk for inntektsåra 2014-2016. Vedtaket betyr at eigedomsskatten for Samnanger vert redusert med kr 915 113,00 for desse åra. Vedtaket gjeld fleire kommunar og ikkje berre BKK sine anlegg. Advokatfirmaet Lund & Co har på vegner av Samnanger med fleire tatt ut søksmål og saka er beramma i Oslo tingrett 11. og 12. mai 2021. Dette er ikkje tatt inn i rekneskapen for 2020, men er ein del av notane.



Grafen til venstre viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016, men som frå 2019 inngår i verdien på kraftanlegga.

LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkomunar) arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeid politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar òg med å få justert ned kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra på 4,5 % i fleire år til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kraftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir. Samnanger kommune gav saman med mange andre kommunar høyringsuttale i 2017, men det er ikkje noko som så langt viser at det er vilje til endring hos styresmaktene.

Frå og med 2019 vil eigedomsskatt frå særskilt grunnlag bli trappa ned over ein periode på 7 år. I 2020 er inntektstapet på kr 72 436,00. Særskilt grunnlag er for eksempel sendaranlegg, breiband og produksjonsrelatert utstyr og liknande som det ikkje lenger skal betalast eigedomsskatt på.

Det er mykje som tyder på at den lokale beskatningsretten (eigedomsskatten) er under press. I 2019 kom det framlegg om store omleggingar av fordeling av mellom anna eigedomsskatteinntekt frå kraftverk mm, men dette framlegget vart til slutt skrinlagt.

Samnanger hadde i 2020 ein skatteinngang på 86,6 % (85,6 %) av landsgjennomsnittet og 94,7 % (94,6 %) etter inntektsutjamning. Inntekter frå eigedomsskatt er heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester (2019-tal i parentes).


Fond

Disposisjonsfond

Nøkkeltal i økonomiplanperioden:

- Disposisjonsfondet skal liggja på ca. 15 000 000 kroner

Kommunestyret har vedtatt som mål for økonomiplanperioden at disposisjonsfondet skal liggja på om lag 15 mnok. Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter og/eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2020 er kr 8 648 587,30. Av dette er det kr 100 000,00 disponert til arbeid med arealplan jf. KS vedtak 4/13 og kr 322 750,00 er bærekraftsutviklingsfond jf. kommunestyrevedtak 61/2018 og 96/2019. For meir detaljert informasjon, sjå note nr 7 i rekneskapen.



Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 3,6 %. I KG 4 (kostragruppe 4) er det på 9,5 % og i KG 1 (kostragruppe 1) på 9 %. Disposisjonsfondet i Samnanger må aukast til 22,8 mnok for å vere på same nivået som i KG 4.

Når kommunen har overskot så vert dette avsett til disposisjonsfondet. Nokre år har forklaringa på delar av overskotet vore eit positivt premieavvik. Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Dette er eit rekneskapsmessig begrep og det knytter seg ingen innbetaling eller utbetaling til premieavviket. Potensielt kan dette på sikt skapa eit likvidtetsmessig problem når delar av disposisjonsfondet er netto premieavvik.

Næringsfond

Av næringsfondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2020 kom det ein søknad til næringsfondet og den fekk avslag. Kr 30 000,00 er utbetalt til private der vedtaket var gjort i 2019. Dette er tilskot til Samnanger catering og til nettside næringsforumet.

Tilskot som ikkje vert nytta i løpet av 2 år eller av andre grunnar står unytta går tilbake til fondet.

Bruk av næringsfondet	2020
Tilskot til private	30 000
Budsjett/ drift	567 996
Fossen bratte	27 400
Planarbeid	84 830
Sum bruk/utbetalt	710 226

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. Eksempel på bruk er arbeid/kartlegging av Fossen bratte, arbeid med samfunnsplan og reguleringsplan. Marknadsføring og kontingent/medlemsavgift i næringsretta organisasjonar vert òg ført her. 40 % stilling som vert brukt mot næringslivet vert finansiert med fondet. Budsjettert bruk var kr 743 583,00, bruk var kr 567 996,00.

Pr. 31.12.2020 er det kr 1 411 952,00 på kommunen sitt næringsfond som ikkje er disponert. Kr 833 475 er disponert, men ikkje utbetalt. Den største summen er kr 347 170,00, som gjeld planarbeid. Arbeidet er forseinka og vil fortsetja i 2021.

Kommunen får utbetalt konsesjonsavgift kvart år, som vert sett av til næringsfondet. I 2020 vart det utbetalt kr 1 107 123,00.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrka fondet ut over årleg konsesjonsavgift og eventuell tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. I 2020 vart eit tomtekjøp på kr 430 000,00 som vart gjennomført i 2019 heva, og er finansiert med bruk av fondet.

Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr. 31.12.2020 på kr 808 264,00.

Kommunen fekk i 2020 utbetalt eit tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 964 468,00 til nytt ekstraordinært kommunalt næringsfond. Dette er ein del av koronatiltaka. Kr 730 000,00 er overført til 2021. Sjå meir informasjon under kapittel samfunn og utvikling.

Fond Sima-Samnanger

I 2012 fekk Samnanger 8,2 mnok i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Statsforaltaren (Fylkesmannen) avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Statsforvaltaren tilrådde at midlane vart brukte til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman 2,656 mnok. Pr. 2018 er alt ført tilbake til fondet.

Unytta midlar pr 31.12.2020 er kr 1 557 176,00.

	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	Sum 2012- 2017	2 018	2 019	2 020	Sum	Unytta
Mottatt fond							8 213 509	
Bruk:								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-2 000 000				-2 000 000	0
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-341 437	-158 563	0			-158 563	0
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000	-225 000	0			-225 000	0
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000	-40 270	-69 731			-110 000	0
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		474 544	-474 544				-474 544	0
KS 15/12 Førebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-597 158	-413 523	-31 332	-66 318	-20 940	-532 112	370 730
KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000		0	0				0	0

KS 80/16 Tilskot til Totræna		145 000	-145 000			-145 000	0	
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000	352 158	-1 752 158			-1 752 158	0	
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000	-80 643	-296 225		-376 868	1 034 132	
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000	-589 000			-589 000	0	
KS 100/16 bibliotek		100 000	-100 000			-100 000	0	
KS 61/18 badevik Bjørkheim		345 402	0		-193 088	-193 088	152 314	
KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*			-1 300 000			-1 300 000		
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)			-280 000			-280 000		
KS 63/13 KLP EK-tilskot			-1 076 000			-1 076 000		
KS 100/16 tilbakeført til fond 2017						1 500 000		
KS 58/17 tilbakeført til fond 2018						1 156 000		
Udisponert	13 509	-13 509				0	0	
Sum vedtak/ bruk	8 213 509	0		-397 288	-66 318	-214 028	-6 656 333	1 557 176
Resterande sum		0				1 557 176		

Investeringsfond

Kommunen har to ubundne investeringsfond på til saman 5,7 mnok og fem bundne investeringsfond på til saman 5,04 mnok. Sum investeringsfond pr. 31.12.2020 er kr 10 435 496,12. For meir informasjon om bruk av investeringsfond, sjå note 7.

Ubundne investeringsfond	Konto	IB 2020	Bruk (9404)	Avsett (5404)	UB 2020
Ubundne investeringsfond	253.080.001	6 534 835	-6 145 595	390 000	779 240
Nytt ubundne investeringsfond	253.080.003	3 477 985	0	1 140 000	4 617 985
Sum ubundne inv.fond		10 012 820	-6 145 595	1 530 000	5 397 225

Bunde investeringsfond	Konto	IB 2020	Bruk (950)	Avsett (550)	UB 2020
Fond Samnangerheimen (arv)	255.080.003	2 148 827	-139 185	0	2 009 642
Fond idrettshall, Hord. fylkeskommune	255.080.500	1 847 500		0	1 847 500
Fond investering, korona	255.080.510			730 000	730 000
Fond nyanlegg vassverk	255.080.620	151 129		0	151 129
Vatn/Avløp Hagamulen	255.080.621	300 000			300 000
Sum bunde investeringsfond		4 447 456	-139 185	730 000	5 038 271

I budsjett 2021 er det lagt inn netto bruk av investeringsfond med 2,2 mnok. Forskotttering av tippemidlar vert sett av til fond når dei vert utbetalt.

Investeringar

I 2020 var det 22 små og større investeringsprosjekt. 12 prosjekt var med i opphavleg budsjett, men nokre av desse er ikkje starta opp. Dette gjeld mellom anna reservevassløysing.

Det er fleire investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt i 2020 og som vil fortsetja i 2021. Revidert budsjett er justert ned i samsvar med den informasjonen som var tilgjengeleg pr. november 2020. Dette gjeld mellom anna VA Tysse. Det er òg litt arbeid med dagsturhytta og med badevika på Bjørkheim som vil verta gjort i 2021.

Det vert laga byggjerekneskap på alle større investeringsprosjekt.

Totalt er det brukt 29,44 mnok i 2020. Dette er 5,9 mnok lågare enn i revidert budsjett.

	Prosjekt som går over fleire år		rev.budsjett 2020	Rekneskapsutgifter				Avvik	
	Opphavleg	Justert		2 018	2 019	2 020	sum	mot kostnadsramme	mot budsjett 2020
Visma, rekneskap og lønssystem			2 089	0	192	2 021	2 214		-68
Skule, inventar, PC og digitale tavler			640	0	0	637	637		-3
Samnangerheimen, pandemiavd.			410	0	0	174	174		-236
Ny branntankbil, kjøpt brukt			727	0	0	708	708		-20
Samnangerheimen, kjøøl og varme			427	0	0	427	427		0
Hamnahaugen, renovering	135	170	35	0	143	35	178	8	0
Ung.skule, nytt ventilasjonsanlegg			738	0	0	338	338		-400
Reistad, nytt tak			455	0	0	125	125		-330
Skottabakken, nybygg og renovering	43 900	45 089	12 474	925	38 662	9 843	49 430	4 341	-2 631
Skottabakken, inventar og utstyr			248	0	9	240	250		-8
Ras- og flaumsikring	5 000	5 000	3 562	0	1 293	3 561	4 854	-146	-1
Vegnummerering og skilting			558	0	239	548	787		-10
LED-lys, vegar			243	0	0	242	242		-1
Hagabotnane, gangveg			64	0	0	64	64		0
Kommunale vegar, utbetring			1 114	0	0	630	630		-484
Innfartsparkering Bjørkheim			26	149	6	26	181		0
VA Ytre Tysse	6 000	6 000	1 000	60	912	503	1 475	-4 525	-497
VA Eikedal			402	0	0	401	401		-1
Vassforsyning Nordbygda	1 390	3 896	3 500	0	396	3 589	3 986	90	89
VA infrastruktur			3 300	0	0	2 394	2 394		-906
Badevik Bjørkheim	2 500	2 281	2 281	0	0	2 106	2 106	-175	-175
Dagsturhytta	1 051	1 051	1 051	0	0	823	823	-228	-228
Sum				1 133	41 853	29 435			-5 909

(Tall i 1000, minusteikn betyr innsparing jamfør budsjett)

I tillegg til investeringstiltaka som er med i oversikta her, er det i investeringsrekneskapen òg ført postar knytt til for eksempel tilskot til soknerådet (kr 220 000,00), KLP (Kommunal Landspensjonskasse) eigenkapitalfond, utgifter startlån, justeringsrett bibliotek, kjøp av aksjar i E134 Haukelivegen, forskottering og tippemidlar. Sjå note 11 og 12.

Dei aller fleste tiltaka ligg under samfunn og utvikling sitt ansvarsområde og det vert vist til eininga si årsmelding.

Nedanfor er ei kort omtale av andre større investeringsprosjekt.

Bufellesskap «Skottabakken»

Kostnadsramma for byggeprosjektet var på 43,9 mnok inkludert renovering av eldre del. Prosjektet vart forseinka og budsjettamma vart auka opp med kr 250 000,00 til prosjektleiar. Arbeidet med nytt bufellesskap på Skottabakken starta opp i slutten av 2018 og stod ferdig våren 2020. I starten av prosjektet kom det større meirutgifter til grunn- og grøftearbeid. Grunnen var dårleg, i tillegg låg ikkje leidningsnett der det var innteikna. Det kom òg meirutgifter til bekkesikring mot nabo. Korrigert for momskompensasjon er avvik mot budsjett på 4,3 mnok.

Tiltaket er delvis finansiert med tilskot frå Husbanken til bebuarleilegheitene. Det var opphavleg budsjettert med tilskot frå Husbanken på 10,49 mnok Det er gitt tilsegn på 14,45 mnok, som vil bli utbetalt så snart byggjerekneskap er godkjent. Dette er 3,96 mnok meir enn forventa. Kommunen sin meirkostnad endar då på 0,34 mnok.

Det vil bli levert byggjerekneskap på bufellesskapet.

Bruk av arv på sjukeheimen

Sjukeheimen arva i 2018 eit hus som vart selt for netto 2,9 mnok. Gevinsten frå salet skal brukast på investeringstiltak knytt til sjukeheimen. Kommunestyret har vedtatt å fordela midlane ut over ein periode på 8 år, men det er opna opp for å henta inn eller overføra mellom to år. I 2020 er det brukt av dette fondet til å laga ei pandemiavdeling på sjukeheimen. Det vert vurdert om dette på sikt kan bli ny demensavdeling. Netto kostnad er kr 34 796,00. Pr. 31.12.2020 er det att kr 2 009 642,33 av fondet.

Visma - nytt løns- og økonomisystem

I mai 2020 skifta kommunen løns- og økonomisystem frå Agresso til Visma. Dette har vore svært arbeidskrevjande og arbeid har pågått i heile 2020. Det vil framleis gå noko tid før alt er på plass. To av dei tilsette fekk auka stillingsprosenten med til saman 75 %. I tillegg er det arbeidd mange timar overtid. Økonomisk vart kostnaden lågare enn budsjettert og enda på kr 1 732 157,00, kr 67 343,00 under budsjett.

Skule: inventar, pc og digitale tavler.

Det vart i budsjettet for 2020 løyvd pengar til både inventar og til digitale tavler på skulane. Det er kjøpt inn nye stolar, pultar med meir til både lærarar og elevar for til saman kr 157 009,00. Dette er kr 37 009,00 meir enn i opphavleg budsjett. Det er kjøpt inn digitale tavler for til saman kr 172 043,00, kr 32 043,00 meir enn opphavleg budsjett. I tillegg er det kjøpt inn nye elev-pc-ar for til saman kr 180 678,00. Dette skulle i utgangspunktet finansierast

med overføring frå drift, men estimert meirforbruk for 2020 gjorde at finansieringa vart endra til ubunde investeringsfond.

På slutten av 2020 fekk kommunen eit tilskot på 0,9 mnok frå Statsforvaltaren til arbeid med tilrettelegging for digital undervisning i samband med koronapandemien. Mesteparten av tilskotet er sett av på fond og vert brukt i 2021.

Rekneskapsskjema

2020



Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2020

26.03.2021

		Regnskap 2020
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	Note	712.843.976,05
I. Varige driftsmidler	9	425.465.678,87
1. Faste eiendommer og anlegg	9	409.173.799,44
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	9	16.291.879,43
II. Finansielle anleggsmidler		11.728.330,18
1. Aksjer og andeler	6b	7.657.321,00
2. Obligasjoner		0,00
3. Utlån		4.071.009,18
III. Immaterielle eiendeler		0,00
IV. Pensjonsmidler	4	275.649.967,00
B. Omløpsmidler		77.732.173,95
I. Bankinnskudd og kontanter	6	48.211.132,13
II. Finansielle omløpsmidler		276.675,09
1. Aksjer og andeler	6b	276.675,09
2. Obligasjoner		0,00
3. Sertifikater		0,00
4. Derivater		0,00
III. Kortsiktige fordringer		29.244.366,73
1. Kundefordringer		13.092.911,39
2. Andre kortsiktige fordringer		1.504.578,34
3. Premieavvik	4	14.646.877,00
Sum eiendeler		790.576.150,00
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital		207.858.381,06
I. Egenkapital drift		18.472.367,94
1. Disposisjonsfond	7	8.648.587,30
2. Bundne driftsfond	7	9.823.780,64
3. Merforbruk i driftsregnskapet	2	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet		0,00
II. Egenkapital investering		10.435.496,12
1. Ubundet investeringsfond	7	5.397.224,94
2. Bundne investeringsfond	7	5.038.271,18
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		0,00
III. Annen egenkapital	8	178.950.517,00
1. Kapitalkonto		180.741.419,03
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		-1.790.902,03
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		0,00
D. Langsiktig gjeld		540.424.640,00
I. Lån		260.438.188,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	12	260.438.188,00
2. Obligasjonslån		0,00
3. Sertifikatlån		0,00
II. Pensjonsforpliktelse	4	279.986.452,00
E. Kortsiktig gjeld		42.293.128,94
I. Kortsiktig gjeld		42.293.128,94
1. Leverandørgjeld		7.000.857,75
2. Likviditetlån		0,00
3. Derivater		0,00
4. Annen kortsiktig gjeld		34.545.308,19
5. Premieavvik	4	746.963,00



Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2020

26.03.2021

Sum egenkapital og gjeld **790.576.150,00**

F. Memoriakonti **0,00**

I. Ubrukte lånemidler -2.520.591,00

II. Andre memoriakonti -8.277.184,07

III. Motkonto for memoriakontiene -10.797.775,07



	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)			
1 Rammetilskudd	96.332.528,00	95.417.600,00	89.859.000,00
2 Inntekts- og formueskatt	63.350.559,22	64.482.093,00	66.007.293,00
3 Eiendomsskatt	14.959.094,64	14.950.847,00	13.365.847,00
4 Andre generelle driftsinntekter	8.732.048,02	8.615.890,00	10.210.990,00
5 Sum generelle driftsinntekter	183.374.229,88	183.466.430,00	179.443.130,00
6 Sum bevilgninger drift, netto	169.629.074,00	172.966.756,00	164.894.992,00
7 Avskrivninger	13.674.605,00	13.674.605,00	13.454.484,00
8 Sum netto driftsutgifter	183.303.679,00	186.641.361,00	178.349.476,00
9 Brutto driftsresultat	70.550,88	-3.174.931,00	1.093.654,00
10 Renteinntekter	342.055,18	288.000,00	508.000,00
11 Utbytter	782.446,83	779.000,00	220.000,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3.065,63	0,00	0,00
13 Renteutgifter	4.877.098,06	4.559.000,00	5.959.000,00
14 Avdrag på lån	8.473.857,00	8.401.250,00	7.951.250,00
15 Netto finansutgifter	-12.223.387,42	-11.893.250,00	-13.182.250,00
16 Motpost avskrivninger	13.674.605,00	13.674.605,00	13.454.484,00
17 Netto driftsresultat	1.521.768,46	-1.393.576,00	1.365.888,00
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
18 Overføring til investering	-10.000,00	-10.000,00	0,00
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2.602.146,82	1.067.156,00	2.063.830,00
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1.090.378,69	336.420,00	-3.429.718,00
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-1.521.768,13	1.393.576,00	-1.365.888,00
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00



	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)			
1 Investeringer i varige driftsmidler	29.434.537,44	35.781.748,00	34.868.250,00
2 Tilskudd til andres investeringer	373.968,00	373.968,00	153.968,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	557.848,00	558.000,00	589.000,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00
5 Avdrag på lån	0,00	10.486.000,00	10.486.000,00
6 Sum investeringsutgifter	30.366.353,44	47.199.716,00	46.097.218,00
7 Kompensasjon for merverdiavgift	4.358.452,96	4.358.452,00	4.057.718,00
8 Tilskudd fra andre	3.122.500,00	13.630.620,00	13.142.000,00
9 Salg av varige driftsmidler	110.000,00	150.000,00	0,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lån	18.117.532,35	22.299.744,00	22.700.000,00
14 Sum investeringsinntekter	25.708.485,31	40.438.816,00	39.899.718,00
15 Videreutlån	1.800.000,00	2.000.000,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	1.800.000,00	2.000.000,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	752.331,00	270.000,00	270.000,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	681.924,00	270.000,00	270.000,00
18 Netto utgifter videreutlån	70.407,00	0,00	0,00
20 Overføring fra drift	10.000,00	10.000,00	0,00
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	102.679,80	720.402,00	720.402,00
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	4.615.595,33	6.030.498,00	5.477.098,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	4.728.275,13	6.760.900,00	6.197.500,00
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00



Økonomisk oversikt - drift

1 Samnanger kommune - 2020

25.03.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Driftsinntekter			
1 Rammetilskudd	96.332.528,00	95.417.600,00	89.859.000,00
2 Inntekts- og formuesskatt	63.350.559,22	64.482.093,00	66.007.293,00
3 Eiendomsskatt	14.959.094,64	14.950.847,00	13.365.847,00
4 Andre skatteinntekter	5.503.590,00	5.408.457,00	6.408.457,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	3.228.458,02	3.207.433,00	3.802.533,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	25.476.993,34	23.841.821,00	14.976.644,00
7 Brukerbetalinger	7.983.687,66	7.750.300,00	8.201.000,00
8 Salgs- og leieinntekter	23.912.660,92	24.005.239,00	24.130.370,00
9 Sum driftsinntekter	240.747.571,80	239.063.790,00	226.751.144,00
Driftsutgifter			
10 Lønnsutgifter	126.824.493,61	126.049.214,00	116.027.681,00
11 Sosiale utgifter	28.870.977,18	29.314.515,00	29.909.257,00
12 Kjøp av varer og tjenester	56.081.313,43	57.987.165,00	55.061.436,00
13 Overføringer og tilskudd til andre	15.225.632,03	15.213.222,00	11.204.632,00
14 Avskrivninger	13.674.605,00	13.674.605,00	13.454.484,00
15 Sum driftsutgifter	240.677.021,25	242.238.721,00	225.657.490,00
16 Brutto driftsresultat	70.550,55	-3.174.931,00	1.093.654,00
Finansinntekter			
17 Renteinntekter	342.055,18	288.000,00	508.000,00
18 Utbytter	782.446,83	779.000,00	220.000,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	3.065,63	0,00	0,00
20 Renteutgifter	4.877.098,06	4.559.000,00	5.959.000,00
21 Avdrag på lån	8.473.857,00	8.401.250,00	7.951.250,00
22 Netto finansutgifter	-12.223.387,42	-11.893.250,00	-13.182.250,00
23 Motpost avskrivninger	13.674.605,00	13.674.605,00	13.454.484,00
24 Netto driftsresultat	1.521.768,13	-1.393.576,00	1.365.888,00
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	-10.000,00	-10.000,00	0,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2.602.146,82	1.067.156,00	2.063.830,00
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1.070.273,65	316.315,00	-3.429.718,00
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	20.105,04	20.105,00	0,00
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:	-1.521.768,13	1.393.576,00	-1.365.888,00
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00

Avstemming mellom bevilgningsoversikt og netto einingar

	Rekneskap 2020	Rev.budsjett 2020	Budsjett 2020
Sum netto einingar	173 376 616	172 716 422	172 922 412
Sum bevilgninger drift, netto	169 629 074	172 966 756	164 894 992
	3 747 542	-250 334	8 027 420
Avstemming mot sum bevilgninger netto	3 747 542	-250 334	8 027 420
1 A posteringer bokført på einingane:			
Bruk av ubunde fond	-3 410 699	-3 996 138	-640 000
Bruk av bunde fond	-1 899 718	-2 686 077	-3 005 631
Avsett til ubunde fond	0	0	0
Avsett til bunde fond	4 551 810	1 668 921	991 801
Direkte / indirekte skatter	-1 107 123	-979 457	-979 457
Statlege overføringar	0	0	0
Renteinntekter	-3 772	-65 731	-65 731
Renteutgifter	43 257	23 000	23 000
Overført til investering	0		
Sum 1 A bokført på einingane	-1 826 245	-6 035 482	-3 676 018
1 B posteringar ikkje bokført på einingane			
Pensjon og aga premieavvik	-2 874 497	-2 868 134	-8 299 634
Kontingent	85 646	60 000	60 000
Konsulent	10 368	0	0
Overføring til andre kommunar	106 875	0	0
Overført statstøtte til private	84 966	85 333	85 333
Tap på krav	6 427	0	0
Avskrivningar	10 681 033	10 612 258	9 905 347
Motpost avskrivningar	-13 674 605	-13 674 605	-13 454 484
Sum 1 B bokført på ansvar finans	-5 573 786	-5 785 148	-11 703 438
Netto	3 747 541	-250 334	8 027 420

INNHALD

Kort om styring og kontroll m.m.:

- Internkontroll
- Etisk standard
- Sjukefråvær
- Likestilling
- Bedriftshelseteneste
- Lokale lønnsforhandlingar

Fellestenester:

- Rådgjevargruppa
- HR-avdelinga
- Økonomikontoret

Barneverntenesta

Rådmannskontoret

Kort om styring og kontroll m.m.

Internkontroll

Etter kommunelova skal kommunedirektøren «...sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.¹ I årsmeldinga skal det «...redegjøres for tiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten».²

Samnanger kommune har eit overordna kvalitetssystem og eige saks- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutiner.

Kommunen sitt kvalitetssystem vil bli erstatta av eit nytt system (Compilo) våren 2021. Graden av bruk av eksisterande kvalitetssystem varierer mellom dei ulike tenestemråda. Mangelfull opplæring og oppfølging kan vere årsakene til dette.

Gjennom økonomisystemet (Visma) har kommunen god internkontroll på økonomisida. Kvar einiskild faktura må både attesterast og tilvisast, og systemet har ulike logiske kontrollar som reduserer risikoen for feilføringar. Vidare gjer systemet det mogeleg å sjå kvar fakturaene er i prosessen, til ei kvar tid, og automatiske varsel blir sende ut til kvar einiskild tilsett som har fakturaer til handsaming. På denne måten blir risikoen for for sein betaling redusert.

Frå 1.1.2021 gjeld dei nye reglane om internkontroll i kommunelova kapittel 25, og med dette ligg det eit større ansvar for internkontroll på rådmannen.³ Dei nye reglane er meir omfattande og detaljerte enn reglane i lova frå 1992, og reglane tydeleggjer at god internkontroll er eit leiaransvar.

Tiltak for å komme dei nye krava i møte, blei iverksette hausten 2020 i form av tiltak for å få på plass rette verktøy så tidleg som mogeleg i 2021. Dei nye verktøya omfattar nytt kvalitetssystem, nytt planprogram (*Framsikt* – omtalt fleire stader i årsmeldinga), nyttiggjering av dei ulike elementa i «Samhandling 365» med nytt intranett og gode samhandlingsverktøy, samt god organisering av det vidare arbeidet med integrasjon mellom planverk, styringssystem og internkontroll. Det er planlagt eit tre-dagars seminar i april 2021, for å sikre at dette arbeidet kjem godt i gjenge, og blir godt forankra i organisasjonen. Alt i alt vil det i planperioden bli eit meir målretta fokus mot heilskapleg styring og kontroll.

¹ Kommunelova § 31-3, bokstav a. § 31-3 er ein overgangsregel, fram mot at kapittel 25 i kommunelova trer i kraft med verknad frå 1.1.2021.

² Ibid., bokstav b.

³ Etter kommunelova § 25-1 andre ledd, skal internkontrollen «...være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold».

Etisk standard

Det går fram i § 14-7 (d) i kommunelova at «årsberetningene skal redegjøre for tiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard».

Samnanger kommune har i mange år hatt etiske prinsipp for tilsette. Dei noverande etiske prinsippa vart vedtekne av kommunestyret i mars 2020.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar på diverse område, for å sikra god kontroll og redusera risikoen for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut enten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Årsaka til dette er mellom anna at lovreglane i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan reglane også føra til at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Dette gjeld både mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, mellom kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at høg etisk standard vert etterlevd.

Koronapandemien førte til at arbeidssituasjonen for ulike grupper av tilsette i kommunen var utfordrande i store delar av 2020. Dei tilsette har på ein god måte klart å ivareta viktige etiske prinsipp også under koronapandemien - både overfor dei ein yter tenester til, kollegaer og arbeidsgjevar.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for Samnanger kommune i 2020 var på 7,9 %.

Det lar seg ikkje gjera å få oversikt over koronarelatert langtidsfråvær, men kortidsfråværet er totalt sett på 5,6 % og av dette er 0,5 % koronarelatert.

Sjukefråvær har vore i fokus gjennom heile året, i alle einingar, sjølv når det har stått på som verst og skular og barnehagar har vore stengt. Dei tilsette i kommunen har verkeleg stått på og gjort ein strålende innsats og leiarane har jobba døgnet rundt i periodar for å få arbeidsdagane nokolunde normale for sine tilsette.


I mai 2020 tok kommunen i bruk Framsikt som rapporteringsverktøy for sjukefråvær. Oversikta under viser sjukefråvær i perioden januar – april frå gamalt system og perioden mai – desember i Framsikt.

Totalt sjukefråvær i perioden januar – april:


Sjukefråvær 2020 (jan-april)			
	Under 16 dagar	Over 16 dagar	Totalt sjukefråvær
2020	2,63 %	5,16 %	7,79 %

Fråvær pr. eining	Under 16 dagar	Over 16 dagar	Fråvær	Nærvær
Administrasjonen	0,43 %	1,00 %	1,43 %	98,57 %
Rådmannskontor	0,00 %	0,00 %	0,00 %	100,00 %
Økonomikontoret og HR	1,71 %	0,77 %	2,48 %	97,52 %
Barneskulen	1,59 %	5,74 %	7,33 %	92,67 %
Ungdomsskulen	0,61 %	0,15 %	0,76 %	99,24 %
Barnehage	2,79 %	12,76 %	15,55 %	84,45 %
Dråpeslottet barnehage	3,01 %	15,78 %	18,79 %	81,21 %
Vassloppa barnehage	2,73 %	11,16 %	13,89 %	86,11 %
Pleie og omsorg	4,44 %	4,34 %	8,79 %	91,22 %
Samnangerheimen	5,55 %	4,08 %	9,63 %	90,37 %
Heimetenesta	5,83 %	6,26 %	12,08 %	87,92 %
Bufellesskapet	5,46 %	1,92 %	7,38 %	92,62 %
Helse	1,88 %	0,78 %	2,65 %	97,35 %
Innbyggarservice	2,69 %	0,76 %	3,44 %	96,56 %
Kultur	2,07 %	1,79 %	3,85 %	96,15 %
Servicesenteret	0,00 %	0,00 %	0,00 %	100,00 %
NAV	1,78 %	0,00 %	1,78 %	98,23 %
Samfunnsutvikling	1,65 %	3,93 %	5,58 %	94,42 %
Teknisk forvaltning	1,34 %	5,06 %	6,40 %	93,60 %
Teknisk drift	1,83 %	1,64 %	3,47 %	96,53 %
Reinhald	3,64 %	8,88 %	12,51 %	87,49 %

Samla sjukefråvær i perioden mai – desember (korttidsfråvær, langtidsfråvær og totalt):



Sjukefråvær fordelt på einingar i perioden mai – desember:



Likestilling

Det er stor overvekt av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Med nokre få unntak gjeld dette for alle einingane. Kommunen har ikkje konkrete målsettingar eller tiltaks-/handlingsplan knytt til å få ein jamnare kjønnsbalanse i einingane.

Det er eit ønske frå kommunen si side å få fleire menn inn både i administrasjonen og i einingar der det er overvekt av kvinner, men som arbeidsgjevar i offentleg sektor er me bunden av kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetting, og må tilsette den som er best kvalifisert uavhengig av kjønn.

Bedriftshelseteneste

Samnanger kommune kjøpte i 2020 bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse1, på same måte som dei føregåande åra. Den samla kostnaden i 2020 var om lag 50 000 kroner. Grunna mindre møteverksemd, reising og få bestilte oppdrag, er kostnaden omlag 100 000 kroner lågare enn føregåande år.

Kjøp av bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking på møte i arbeidsmiljøutvalet.

Lokale lønnsforhandlingar

Det vart i 2020 gjennomført lokale lønnsforhandlingar for tilsette som er lønna etter kapittel 3 og 5 i hovudtariffavtalen. Det vart ingen brot i forhandlingane.

Det vart i 2020 ikkje gjennomført lokale lønnsforhandlingar for tilsette som er lønna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen. Årsaka er at dei sentrale tariffpartane ikkje sette av midlar til dette i hovudtariffoppgjeret.

Fellestenester ved rådmannskontoret

Rådgjevargruppa

Rådgjevargruppa hadde i 2020 i alt 5 faste årsverk, inkludert PPT (leiande rådgjevar, rådgjevar/jurist, rådgjevar oppvekst, PPT-leiar/spesialpedagog og logoped/PPT-rådgjevar). I tillegg var rådgjevargruppa styrka med om lag 15 % IKT-konsulentstilling første halvår.

I tillegg til diverse arbeid i samband med koronapandemien, var mellom anna følgjande arbeidsoppgåver sentrale i 2020:

- GDPR - kartlegging, risikovurdering, systematisering m.m. Kommunen er framleis ikkje heilt i mål med alt nødvendig arbeid knytt til GDPR.
- Arbeid med ulike juridiske saker/tvistar som kommunen er involvert i.
- Arbeid knytt til politiske organ i kommunen.
- Planlegging og oppsett av nye nettsider for Samnanger kommune.
- Gjennomgang og systematisering av kommunen sitt arbeid innanfor vaksenopplæring.
- Systemarbeid og arbeid med individuelle saker for PPT.
- Deltaking i arbeidet med planlegging av eiga barnevernteneste i Samnanger.

Det er stort spenn på arbeidsoppgåvene i rådgjevargruppa, og til dels lite overlapping mellom fagområda til dei tilsette. Organiseringa vil verta endra i løpet av 2021. Stillinga som rådgjevar oppvekst vil då verta omgjort til sektorleiar oppvekst og PPT vil verta ein del av ei nyoppretta eining saman med barneverntenesta og NAV.

HR-avdelinga

HR-avdelinga hadde 3 årsverk i 2020, fordelt på tre tilsette (HR-leiar 100 %, førstekonsulent HR 100 %, førstekonsulent lønn 100 %).

Sjølv med auka ressursar er arbeidspresset stor på alle tre tilsette, og med innføring av nye system og pandemien på toppen, har det vore eit utfordrande år.

I perioden mars og fram mot sommaren hadde alle tre tilsette heimekontor og vart i løpet av kort tid veldig flinke og effektive i bruk av digitale verktøy. Det var både kjekt og lærerikt å kunne jobbe på ein heilt anna måte i ein krevjande og uforutsigbar kvardag, men likevel lykkast i arbeidet.

I 2020 tok HR i bruk ein del nye system:

- Visma HRM
- Framsikt
- Motivati
- VismaTID

Det nye lønns- og personalsystemet, Visma HRM, vart tatt i bruk i mai. Implementeringa av dette systemet har vore omfattande og lagt lokk på mykje av ressursane på HR.

Visma HRM er lagt opp til at tilsette og leiarar i større grad skal ajourhalde, registrere, søke og handsame informasjon digitalt, før det blir sendt over til HR. Dette krev mykje opplæring av tilsette og leiarar, i tillegg til opplæringa HR-tilsette må ha for å administrere systemet.

Å få til dette midt i ein pandemi har vore utfordrande, men HR-avdelinga tok utfordringa og ved hjelp av digitale verktøy og engasjerte og flinke tilsette fekk me gjennomført nødvendig opplæring gjennom eLæringsvideoar og Teams-møter.

Så sjølv med lange og arbeidskrevjande dagar kom me i mål og 12. mai 2020 vart første lønnsutbetaling gjennomført i Visma HRM.

Framsikt er eit rapporteringsverktøy der leiarane skal rapportere på mellom anna sjukefråvær. Sjukefråværet er lagt inn frå og med mai og fordelt på einingane.

Einingsleiarane rapporterer på utvikling og tiltak kvar månad.

Motivati er eit digitalt leiarverktøy som skal nyttast til mellom anna medarbeidarsamtalar. I løpet av første halvår 2020 arrangerte HR opplæring for alle leiarane, og dei fleste einingane gjennomførte medarbeidarsamtalar i Motivati.

Mot slutten av året tok HR i bruk nytt tidsregistreringssystem, VismaTID, som skal forenkle time- og fråværsregistreringa for tilsette. Nokre avdelingar har fått teste ut systemet og etter kvart vil det bli rulla ut til fleire avdelingar og einingar.

Utanom utfordringa rundt opplæring i Visma HRM har ikkje koronapandemien i stor grad påverka HR-avdelinga og vårt arbeid i 2020. Tidleg i året lanserte kommunen nytt intranett som har vore til stor hjelp for alle avdelingar og einingar i tida då dei fleste hadde

heimkontor og trengte tilgang til ulike dokument, informasjon og system. I tillegg til nytt intranett er kommunen med i eit prosjekt i regi av IKTNH (IKT Nordhordland), Samhandling 365, som har gitt oss mange fordelar og hjelp i den nye digitale verda. I høve dette prosjektet har HR arrangert Teams-opplæring via IKTNH for leiarar med fleire, og me er blitt kjent med mange nye og spennande system som skal implementerast gjennom prosjektet i tida framover.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har no 2,4 årsverk fordelt på 3 tilsette (økonomisjef 100 %, rådgjevar 100 %, konsulent 40 %). Det har lenge vore planlagt å styrka bemanninga på økonomikontoret og dette kom på plass hausten 2020. Kommunestyret gav løyving til 100 % stilling i administrasjonen og 50 % vart lagt på økonomikontoret. Overgang til Visma, som er det nye løns- og økonomisystemet, har gjort at 2020 har vore eit krevjande år. Det nye systemet har mange likheitstrekk med Agresso, som var det systemet kommunen hadde fram til april 2020. Dette gjorde at overgangen for brukarane ute i einingane gjekk veldig greitt. Noko nytt vil det alltid vera, men det meste fungerer bra. Det som er mest positivt med det nye systemet er at alle bilag no er digitale. I tillegg legg me no opp til at einingane skal leggja inn fakturagrunnlaget sjølv, noko som sikrar at det blir fakturert fortløpande og til rett mottakar. Kommunen har òg tatt i bruk forsystem på fakturering av barnehage. Frå før har kommunen forsystem på fakturering av kommunale avgifter og eigedomsskatt. På sikt ynskjer me å få på plass ei løysing som gjer at fakturamottakar sjølv kan vera med å bestemma kor ofte faktura skal sendast ut. Dette vil bli eit samarbeid med IKTNH-kommunane (IKT Nordhordland).

Kommunen tok i bruk rapporteringsverktøyet Framsikt våren 2020. Skifte av økonomisystem har gjort at potensialet i rapporteringsverktøyet ikkje er fullt utnytta. Målet er at dette skal verta eit godt verktøy for kommunen og sikra god oppfølging av økonomi og budsjett. I tillegg til Framsikt kan einingane bruka rapportane i Visma til oppfølging av rekneskap og budsjett.

Barneverntenesta

Kommunen kjøper barnevernteneste frå Bergen kommune, og brukte 5 117 mnok på barnevern i 2020. Barneverntenesta rapporterer jamnleg til Samnanger kommune innan økonomi og status på saker.

Samnanger kommune skal med verknad frå medio 2021, etter nærare avtale med Bergen kommune om eigna tidspunkt for overføring, overta ansvaret for kommunen sine barneverntenester. Hausten 2020 har eit breitt samansett utval arbeidd med ulike spørsmål knytt til den nye barneverntenesta.

Barnevernet vil bli organisert direkte under rådmann, i ei ny, eiga eining som vil bli heitande *eining for livsmeistring*. Eininga vil forutan barnevern, omfatte NAV og PPT. Organiseringa må sjåast i lys av barnevernreforma, som langt på veg er ei oppvekstreform. Innsats skal frå 1.1.2022 i langt større grad enn tidlegare vere førebyggjande, og for å få dette til er det viktig at organiseringa legg til rette for tverrfagleg samarbeid. Ut over dette inneber reforma mellom anna at ulike oppgåver innan barnevern vil bli overførte frå stat til kommune. Barnevernet i Samnanger kommune vil ha tre tilsette.

Frå 1.1.2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gong i året skal få ei orientering om tilstanden i barneverntenesta.⁴ Slike orienteringar vil bli gjevne i eigne saker til kommunestyret. Det vil bli gjeve ei orientering i samband med at Samnanger kommune overtek eiga barnevernteneste.

Kommunen si øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barneverntenesta blir forvalta i tråd med gjeldande regelverk, og at tenestene er forsvarlege. Kommunen har ansvar for styringa av barnevernet og for å ha ein systematisk kontroll som sikrar at den kommunale barneverntenesta utfører sitt arbeid i tråd med regelverket, slik at barn og familiar får den hjelpa dei har trong for. Både kommunelova og barnevernlova har reglar som skal sikre dette.

I løpet av første halvår 2021 vil det mellom anna bli utarbeidd internkontroll med rutiner for systematisk kvalitetsforbetring, rutiner for avvikshandtering, samarbeidsrutiner, rutinebok med sjekklister for alle fasar i ei sak, kompetanseplan, samt rutiner for medverknad. Vidare vil det bli gjort nødvendige tilsetjingar, samt at fagsystem for barnevern bli implementert.

⁴ Barnevernlova § 2-1, nytt åttande ledd.

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Meline Heimdal Haugland/
Marianne Soleng (vikar)

Netto driftsutgifter:

Kr 13 048 491
(av dette kr 12 542
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr -991 843
(mindreforbruk 7,06 %)

Tal tilsette:

14 faste + vikarar

Tal årsverk:

9,62

Tal brukarar:

2504 innbyggjarar
+ tilsette i kommunen

Eining for innbyggjarservice

Ansvarsområde

Eininga er samansett av tre avdelingar: NAV, kultur og servicesenteret.

Alle avdelingane i Innbyggjarservice har til dagleg tett kontakt og arbeidar direkte med innbyggjarane i Samnanger.

NAV

Nav Samnanger er samansett av ein statleg del og ein kommunal del. Til den kommunale delen av NAV ligg oppgåver som økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustader til vanskelegstilte, forvaltning av Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringtilskot), søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma og flyktningetenesta.

Kultur

Kulturavdelinga har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebiblioteket, kulturskulen og Frivilligsentralen.

Servicesenter

Avdelinga har oppgåver som arkiv, sentralt postmottak, ekspedisjon og kundemottak for kommunehuset, innsyn (etter offentleglova og forvaltningslova), politisk sekretariat, gjennomføring av stortings-, sametings-, kommunestyre- og fylkestingsval, handsaming av sal- og skjenkeløyve, serveringsløyve, tobakkssaker, val av meddommarar/skjønnsmenn/forliksråd, systemansvarleg for ei rekkje system og register, tett samarbeid med IKT Nordhordland.

Utviklingstrekk

Innbyggjarar treng generelt meir hjelp med og rettleiing om ulike digitale verktøy. Dette heng tett saman med utvikling og stort fokus på digitalisering ikkje berre lokalt i Samnanger, men også regionalt og nasjonalt.

NAV

NAV Samnanger har lagt bak seg eit krevjande år, der utviklingsmåla i noko grad har måtte vike til fordel for drift knytta til koronasituasjonen. Frå midten av mars 2020 vart det ein kraftig auke i permitterte innbyggjarar. Samstundes har

tilsette i periodar hatt mykje heimekontor. Med endring i driftsoppgåver og dataverktøy vart 2020 eit spesielt og utfordrande, men også lærerikt år.

Stønad til livsopphald er redusert i høve budsjett, det same gjeld flyktningebudsjettet. Dette har samband med det målretta arbeidet som vart gjort gjennom prosjektet «Vegen vidare» med økonomisk støtte frå Statsforvalteren (frå 01.01.2019 til 31.12.2020).

Tala for 2020 viser at det bur 14 flyktningar i kommunen.

Tal mottakarar av sosialhjelp har hatt ein liten nedgang (49) samanlikna med førre år (50).

Avdelinga har mot slutten av 2020 eit stigande behov for økonomisk rådgjeving, noko som kan ha samband med koronapandemien og redusert inntekt.

Gjennom året 2020 er det komme fleire søknader om startlån enn tidlegare.

Kultur

Me har mange gode prosjekt gåande i kulturavdelinga, og me opplever at innbyggjarane set stor pris på aktivitetane me tilbyr og prosjekta me gjennomfører.

Utviklinga i kulturaktiviteten i 2020 har vore sterkt prega av koronapandemien, noko me vonar snur raskt. Medan nokre tilbod har vore vanskelege å gjennomføre, ser ein at til dømes Frivilligsentralen har hatt stor aktivitet med mykje utlån. Arbeidet til kulturavdelinga har stort sett vore å oppretthalde eit minimum av tilbod, samt bruka tida godt til å planlegge til når samfunnet opnar opp att. Mellom anna har me fått på plass ei dagsturhytte ved Kvernesvatnet som skal opnast i 2021.



Frivilligsentralen har, trass koronapandemi, sidan oppstarten hatt auka aktivitet kvart år, og me ser at dette er tilbod som innbyggjarane i Samnanger har nytte av og ønskjer meir av. Fram til mars gjekk dei faste aktivitetane som normalt, som Karalag, Språktreff og Sy, strikk og skravl. Resten av året har det vore lite faste arrangement. Utstyrsbanken har vore svært mykje nytta i 2020.

Servicesenter

Utviklinga innan servicesenteret sine oppgåver går fort. Det er stort fokus på digitale verktøy og arbeidsoppgåvene og omfanget av oppgåvene aukar kvart år. Det er mykje større krav til detaljkunnskap hos dei tilsette enn tidlegare. Behovet for kursing i lovverk og system har derfor auka betrakteleg dei siste åra. Dei tilsette i servicesenteret arbeider med eit breitt spekter av lovverk og reglar, dette krev stort fokus på å halda seg oppdatert.

Behovet for digital rettleiing og hjelp til innbyggjarar, tilsette og politikarar aukar i takt med innføring av nye digitale verktøy. Dette gjeld ikkje berre interne system, men også system som staten og ulike etatar tek i bruk.

Krav frå innbyggjarar om innsyn i saker og journalar er aukande. Tendensen er at det er stor auke spesielt i dei krevjande innsynssakene.

Servicesenteret er tungt involvert i ulike prosjekt innan IKT og digitalisering. Dette heng saman med at Samnanger kommune vart med i IKT-samarbeidet i Nordhordland (IKTNH) i 2019. Stadig meir av det lokale IKT-arbeidet i kommunen vert gjort av servicesenteret. Dette gjeld også arbeid med kommunen si heimeside og intranettside. Dette heng saman med at kommunen ikkje har tilsett eigen IKT-koordinator.

Hovudmål/satsingsområde i 2020

Innbyggjarservice skal gjennom effektive prosessar, nyskapande tankegang og kvalitet i alle ledd drifte fagleg sterke tenester.

Eininga skal ha tillit i organisasjonen, hos politikarar og hos innbyggjarane.

Det skal leggjast stor vekt på arbeidsmiljø i eininga og i dei ulike avdelingane.

Eininga skal aktivt arbeida med å halda sjukefråværet lågt.

NAV

- Tettare oppfølging og raskare avklaring for den enkelte, herunder også flyktningar.
- Redusere stønadslengda
- Redusere det totale sosialbudsjettet
- Føre vidare språkkafèen
- Gje rask og god rettleiing
- Startlån

Kultur

Kulturavdelinga jobbar ut frå måla om «kultur for alle», «kulturskule for alle» og at Samnanger skal ha aktivitetstilbod til alle innbyggjarar i alle livsfasar. Kulturskulen har gode samarbeidspartnarar som gjer at me kan gje tilbod til samningar i ulike aldrar. Ein kan gjerne sjå føre seg at ein kan knytta sterkare band til andre lokale krefter innan ulike kunstuttrykk i framtida.

Kommunen skal fremja folkehelse gjennom dei verkemidla me har på lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting. Folkehelsearbeid gjeld heile befolkninga og me skal tenkja helse i alt me gjer. Hovudmålet i Samnanger er «Fleire gode leveår for alle».

Gjennom auka fokus på tverrfagleg samarbeid på tvers av organisasjonen, har me i 2020 byrja å få eit meir heilskapleg syn på korleis ein kan arbeide saman om folkehelse i kommunen. Til grunn i arbeidet ligg «Folkehelse rapport for Samnanger kommune 2019-2023».

Barn og unge - Ungdomsrådet i Samnanger er ein engasjert gjeng som arbeider for å fremje gode aktivitetar for unge samningar i kommunen. Dei samarbeider tett med kulturkonsulenten i dette arbeidet. I 2020 starta dei opp med ungdomsklubb på Samnanger bibliotek, men dei fekk ikkje rotfesta denne aktiviteten før koronapandemien gjorde det umogleg å halde den open. Planen er å ha ungdomsklubb ein gong i månaden. Sjå [Samnanger kommune - Ung Samning](#) for meir informasjon.

Sommarklubben er eit gratis aktivitetstilbod for born som ikkje har planar i ferien. I 2020 vart ikkje denne avvikla som normalt. Kulturkonsulenten bisto familiar med å finna gode aktivitetar i området dei kunne vitja, samt innkjøp av inngongbilletter til dei som søkte om støtte til dette. Sommarklubben vert til gjennom støtte frå Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet).

I 2020 var kulturavdelinga aktiv i arbeidet med å skaffa finansiering til badevika på Bjørkheim. Mellom anna gjennom søknadar på spelemidlar.

Servicesenter

- Servicesenteret skal sjå til at det er god kvalitet på arkivdanninga i kommunen. Filer og arkivkjerner vart difor kontrollert nøye i fullelektroniske system.
- Papirarkiv skal ha best mulig kvalitet.
- Lukke arkivverket sitt tilsyn og få arkivplanen inn i kommunen sitt kvalitetsystem.
- Gjennomføre «Kontaktsenter»-prosjektet på ein god måte. Samnanger kommune er saman med Gulen trekt ut til å vera pilotkommunar i dette prosjektet. Grunna koronapandemien er oppstarten utsett til etter stortingsvalet hausten 2021.
- Utnytte budsjettmidlar på best mogleg måte. Alle dei tilsette må ha ein forståing for kva som er av midlar og tenke kostnadar i det daglege arbeidet.

Måloppnåing 2020

Eininga har hatt stort fokus på å tilpasse seg situasjonen å halda dagleg drift i 2020. Eininga har vorte svært påverka av koronapandemien, som har ført til ein del meirarbeid.

Ein del prosjekt har vorte utsette til 2021, men avdelingane har brukt tida til å planleggja desse godt.

NAV

Inkludert flyktningetenesta har avdelinga eit driftsbudsjett på kr 3 807 843 med eit mindreforbruk på kr 60 186. Ein vil tru at utan prosjektet «Vegen vidare» ville utbetaling til sosialhjelp vore høgare. Formålet med prosjektet er tettare oppfølging og raskare avklaring av den enkelte, og å redusera ytingar både i størrelse og tid. Prosjektet som har økonomisk støtte frå Statsforvaltaren fram til 31.12.2021, har bidratt til at målgruppa har fått utdanning, ordinært arbeid og deltaking i arbeidsmarknadstiltak. Blant dei 29 deltakarane i

prosjektet er 13 i jobb eller utdanning. Av dei 16 resterande er 8 av deltakarane i ulike tiltak. Blant desse varierer det frå at dei er på veg mot aktivitet eller varig yting. Utviklinga av prosjektet har sjølv sagt og vore påverka av situasjonen rundt koronapandemien.

Samnanger kommune hadde i 2016 kommunestyrevedtak for mottak av 20 flyktningar. Det kom 17, men i etterkant auka talet til 23 flyktningar (fødslar/gjenforeining). Tala for 2020 viser at det bur 14 flyktningar i kommunen. Erfaring viser at einslege flyktningar gjerne flyttar til byar, mens etablerte familiar vert buande. Dette er ei forventa utvikling. Hovudmålet var at dei etter endt introduksjonstid skulle hjelpast til skule og jobb. Sjølv om nokre framleis treng oppfølging, har me langt på veg nådd målsettinga.

Gjennom året 2020 har tal søknader om startlån auka. Dette kan skuldast at bankane sin utlånspraksis har vorte strengare, eller at det er søknader knytta til refinansiering av høg gjeld. Dei fleste søknader vert avslått fordi kommunen har for få midlar knytta til startlån, og det er derfor begrensa kor mange som kan få den type hjelp. Avdelinga ynskjer å bli betre på dette området. For å nå dette målet treng ein ressursar både i form av startlånmidlar, arbeidstid og kunnskap. Dette er eit viktig arbeid som får stor betydning for familiar som kan etablere seg i eigen bustad.

Språkkafèen har natuleg nok redusert aktivitet grunna situasjonen rundt koronapandemien. NAV-avdelinga har i 2020 eit sjukefråvær på 6,53 %. Avdelinga har som mål å vera brukarorientert, levera tenester med god kvalitet til rett tid, vere løysingsorienterte og framtidsretta.

Kultur

Det er ikkje til å stikke under stol at koronapandemien har sett ein stoppar for mykje av aktiviteten me ynskje å gjennomføre i 2020, me er likevel nøgde med å ha fått halde oppe ein del aktivitet. Biblioteket, Frivilligsentralen og kulturskulen har kunna tilby tenester, berre avbrutt av kortare periodar av nedstenging. Me har fått arbeidd med etablering av dagsturhytte ved Kvernesvatnet, samt bryja på arbeidet med «Plan for friluftslivets ferdelsårer» som skal vera eit samlande prosjekt for å fremje friluftsliv i kommunen i eit folkehelseperspektiv.

Servicesenter

Ved å auka kunnskapen om lovverk og elektronisk arkivdanning har servicesenteret bidratt til at kvaliteten på kommunen sine arkiv vert betre. Dei tilsette har i 2020 gjennomført ei rekkje kurs innan dette feltet. Mykje av kursinga er gjennomført på fritida.

Arbeidet med å rydda papirarkiv frå dei ulike einingane har fortsette i 2020. Mykje godt arbeid er gjort her, og det vert lettare å finne tilbake til dokumentasjon etter at materiale er rydda på ein god og rett måte. Dette arbeidet er tidkrevande og vil fortsetje i åra framover.

Arkivverket sitt tilsyn er lukka. Arbeidet med arkivplan og avlevering av arkivmateriale til IKAH (Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS) fortset. Servicesenteret planleggjer også aktivt å få arkivplan inn i det nye kvalitetssystemet for internkontroll som skal innførast i 2021.

I kontaktsenterprosjektet har dei tilsette vore svært delaktige og vore med på å forme prosjektet til at innbyggjarane våre også i framtida skal få ei god oppleving når dei tek kontakt med kontaktsenteret. Denne typen kontaktsenter er heilt nytt i kommunesektoren i Noreg, og Samnanger kommune vil vera ein av dei første kommunane i landet på dette feltet når me går i pilot i 2021.

Avdelinga har hatt svært lågt sjukefråvær i 2020 og halde seg godt innan budsjetttramma.

Spesielle hendingar 2020

Einingsleiar har hatt permisjon delar av 2020. Avdelingsleiar på servicesenteret har vore inne som vikar i denne perioden. Same periode er det tilsett vikar som avdelingsleiar på kulturkontoret. NAV-leiar slutta i juni 2020, og ein tilsett ved kontoret gjekk inn som vikar. Vikarierande einingsleiar har difor brukt svært mykje tid på internopplæring dette året.

NAV

Året 2020 har prega tenesteproduksjon også kollegialt grunna koronapandemien. Både tilsette og brukarar har tatt i bruk fleire digitale løysingar enn før og me har utvikla oss mykje på dette området.

NAV Samnanger har i 2020 også vore prega av at leiaren slutta i juni. Dette gjorde at ein av dei tilsette gjekk inn som vikar i den 20 % kommunale leiarstillinga i om lag eit halv års tid. Dei statlege oppgåvene som NAV-leiaren hadde vart dekkja av tilsette i NAV Bjørnafjorden. I tillegg vart ein tilsett omplassert for å jobbe med dagpengesaker sentralt i NAV ein periode i starten av koronapandemien.

Kultur

- Ferdigstilte frivilligerklæringa, som vart vedtatt i kommunestyret i juni.
- Møte med fylkeskommunen vedrørende midlar og rettleiing når det gjeld tettstadsutvikling i august . Me kalla inn folk frå frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, og teknisk avdeling. Dette var eit bli-kjent-møte, der me snakka om moglegheiter og utfordringar i Samnanger når det gjaldt tettstadsutvikling. I etterkant av møtet vart det søkt om LivOGLyst-midlar, som er eit prosjekt som skal mobilisera innbyggjarane til å forbetra lokalsamfunnet sitt. Samnanger Lokalsamfunnsforeining stod som eigar av prosjektet, og Frivilligsentralen som kommunekontakt. Me var heldige og fekk tilsegn på 1-årig forprosjekt, og i 2021 vil me jobba aktivt med å mobilisera innbyggjarane til innsats.
- Det vart søkt om kr 15 000 frå Kystkultur.no til eit utearrangement på seinsommaren. Dette fekk me innvilga, men grunna koronapandemien vart det utsett til våren 2021.
- TV-aksjonen i år vart digital, og me måtte tenkja litt nytt. Me arrangerte blant anna ein «challenge» i Hagabotnane mellom kommunestyrerepresentantar og 9. klassen som pleier å gå med bøsser. Folk gav alt i øvelsane, og skapte god underhaldning.
- Friviligsentralen har vore ein aktiv pådrivar for å starta opp bruktbbutikk, og desember 2020 opna Annekset bruktbbutikk, som vert drifta av Samnanger

Lokalsamfunnsforeining. Det er om lag 20 frivillige som driv bruktbuikken, med Frivilligsentralen med på laget som støtte. Bruktbuikken har hatt god omsetning etter dei opna, og det blir spennande å sjå utviklinga i 2021. Alt overskudd skal gå til lokalsamfunnsutvikling.

- Gjensidigestiftinga innvilga oss midlar til møteplassar for ungdom. Heile søknadssummen på kr 292 500 vart innvilga. Pengane skal gå til eit meirope låsesystem, slik at ungdomen og alle andre kan nytta biblioteket utanom åpningstid. I tillegg fekk me innvilga midlar til å innreia ungdomsrom på biblioteket, og diverse utstyr til ungdomsklubben.

I 2020 fekk me gjort eit godt arbeid kring planlegging av Meirope bibliotek saman med Frivilligsentralen. Gjensidigestiftinga har støtta Frivilligsentralen med midlar til dette, og me ser fram til å kunne tilby innbyggjarane Meirope bibliotek i 2021.

Samnanger kulturskule har hatt same rektor sidan kulturskulen starta for 38 år sidan, og i august 2020 gjekk ho av med pensjon. Det blei tilsett ny rektor frå august 2020.

I februar 2020 fekk kommunen tilslag om å vera med i Norsk Kulturskuleråd sitt rettleiingsprogram i kulturskuleutvikling. Programmet starta hausten 2020 og blir avslutta januar 2022. Ein rettleiar frå kulturskulerådet er knytt til skulen i perioden, og målet med rettleinga er å yta hjelp og støtte både til kulturskulen og til kulturskuleeigar slik at det kan etablerast eit kontinuerleg utviklingsarbeid.

Aktiviteten i kulturskulen har vore prega av koronatiltak i 2020. Våren 2020 blei det gjennomført digital musikkundervisning, mens Hordablæst og NM (Norgesmeisterskapet) for janitsjarkorps blei avlyste. Det same gjaldt fylkesfinalen i UKM (Ung Kultur Møtes). Av smittevern hensyn kunne ikkje Tutti Frutti gjennomføra musikkøvingar fram til sommaren. I samarbeid med barneskulen og skulekorpset fekk ein likevel til å gjennomføre ein utandørs konsert i det fine vêret rett før sommarferien.

Hausten 2020 har det meste av undervisninga gått som normalt, men bandet Tutti Frutti har ikkje kunne ha alle musikkøvingane grunna smittevern. Det har ikkje vore mogeleg å halde konsertar på Samnangerheimen, så i staden hadde kulturskulen to konsertar for besøkande til Sparbutikken på Bjørkheim i starten av november. I staden for kulturskulekonserten saman med skulemusikklaget i desember, blei det laga eit digitalt julekort med innslag frå kulturskuleelevar som vart lagt ut på Facebookgruppa til kulturskulen.

Servicesenter

Avdelingsleiar har hatt vikariat som einingsleiar (20 %). Dette har auka arbeidsmengda på alle dei tilsette i avdelinga.

Prosjektarbeid og kompetanseutvikling har vore viktige faktorar i tillegg til den daglege drifta.

To tilsette har fullført Arkivskolen i september 2020.

Meir heimekontor hos tilsette i Samnanger kommune har auka behovet for hjelp med tekniske løysingar og digitale verktøy. Dette har servicesenteret arbeidd mykje med i 2020.

Servicesenteret starta opp «kiosk» for tilsette på kommunehuset. Dette har vorte teke godt imot og vert mykje brukt. Betaling via Vipps.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Hilde-Lill Våge

Netto driftsutgifter:

Kr 22 332 449

(av dette kr 125 314
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr 542 759

(meirforbruk 2,49 %)

Tal tilsette:

26 (+ 17 brannkonstablar)

Tal årsverk:

21,8 % (+ 0,17 % brann)

Tal brukarar:

2 504 innbyggjarar



Eining for samfunnsutvikling

Samfunn og utvikling er eit tenesteområde med arbeidsoppgåver knytt til samfunns- og næringsutvikling, landbruksteneste og tekniske tenester. Teknisk forvaltning og teknisk drift vart slått saman til ei eining i 2020.

Utbygging og investeringsprosjekt er òg lagt til eininga. I 2020 vart bygging av Skottabakken bufellsskap ferdigstilt, og det vart utført ras- og flaumsikring rundt Skottabakken. Eksisterande bustader i bufelleskapet på Skottabakken vart pussa opp. Nytt høgdebasseng og veg til bassenget vart ferdig bygt.

Økonomi

Eining for samfunnsutvikling forvalta i 2020 totalt 21,9 mnok eksklusiv sjølvkostnadar. Eininga hadde eit overforbruk på 2,4 %. Den største overskridinga skuldast ny periodisering av lønnsutgifter på brann og diverse meirutgifter på kommunale eigedomar. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp, slam og feiing vert haldne utanom driftsutgiftene til eininga og kjem i tillegg. Reine driftsutgifter til vatn er på 5,6 mnok og 2,1 mnok på avløp.

Samfunn og utvikling	2019-Rekneskap	2020-B revidert	2020-Rekneskap	Avvik
Teknisk FV	8.894	9.149	9.302	152
Teknisk Drift	13.025	12.639	13.030	391
Totalt	21.919	21.790	22.332	543

Netto driftsutgifter

Teknisk forvaltning, næring og landbruk

Ansvarsområde

Til teknisk forvaltning ligg forvaltningsoppgåver innan plan, næring, bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, landbruksteneste, klima, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen. I tillegg er ei rekkje prosjekt med prosjektleiing òg lagt til eininga. I 2020 vart prosjektleiinga for Skottabakken avslutta og arbeidet med forprosjektet Fossen bratte starta opp.

Utviklingstrekk i 2020

Teknisk forvaltning har eit svært vidt og tverrsektorielt ansvarsområde. Det er seks tilsette med høg kompetanse i avdelinga. Ei av primæroppgåvene er å utarbeide lovpålagde planar som samfunnsplan, arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), reguleringsplanar og temaplanar innan trafiksikring og klima. Til noko av dette arbeidet er det krav om spesialkompetanse, som vi må hente inn frå eksterne. Større prosjekt er det ikkje kapasitet i eininga til å ta på seg, utan at det går utover planarbeidet. Krav om anbod og oppfølging av anbodsprosessar er både tidkrevjande og eit relativt komplisert arbeid. Målet framover er å komme a jour med planarbeidet i løpet av denne fireårsperioden. I 2020 har det vore trykk og fokus på arbeidet med akvakulturplanen, planstrategien og revisjon av områdeplan for Bjørkheim. For å komme i mål med samfunnsplanen innan denne valperioden bør dette arbeidet gjennomførast i 2021.

Hovudmål/satsingsområde i 2020

Satsingsområda kjem ofte i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedtekne i budsjettet eller gjennom lokalt vedtekne prosjekt. Noko av arbeidet har vorte forseinka på grunn av koronapandemien i 2020, og planarbeidet og prosjekta går ofte over fleire år. Nedanfor er nokre av satsingsområda:

- Utarbeide planstrategi for dei neste fire åra. Målet var å få eit vedtak i februar 2020, men arbeidet vart utsett og pågår enno med mål om endeleg vedtak hausten 2021.
- Kommunedelplan for akvakultur vart lyst ut og tildelt Abo. Arbeidet med planprogrammet starta om hausten, og følgjer framdriftsplanen.
- Reguleringsplanar: Starta revisjon av områdeplan for Bjørkheim og utlysing av mogelegheitsstudie. Planen er i tråd med framdriftsplan. Privat reguleringsplan for Tømmerløypet og planen for Eikedalen hyttegrennd vart vedteken. Regulering for gangveg i Eikedalen vart sett på vent inntil trase for tunnel i Tokagelet er regulert.
- Prosjektleiing: Bufelleskapet på Skottabakken vart ferdig bygt og klar til innflytting sommaren 2020. Prosjektet med underadressering (nummerering) av adresser og skilting til fritidsadresser vart avslutta i desember. Prosjektet med å legge til rette for badevik i Teigavika på Bjørkheim vart ferdig. Reiselivsutvikling ved Fossen bratte vart lyst ut på anbod.



Skottabakken bufelleskap, nybygg og eksisterande bustader.

Foto: Donar

- Næring: Innanfor næring er det arbeidd med å få næringslokale på Bjørkheim og få etablert ei sentrumsforeining. Det er handsama 10 søknadar om «koronatilskot» til etablering av verksemd. Desse er forvalta gjennom regionalforvaltningsportalen. Det har ikkje vore søknader om midlar frå ordinært næringsfond. Skilt til industriområdet i Rolvsvåg og skilt på kommunehuset vart montert.
- Dispensasjonar frå plan: Politisk handsaming av dispensasjon for Jarlshaug kraftverk, veg til Jarland, Kai og søylekai, samt klagehandsaming.
- Landbruk: Det er handsama to konsesjonssaker, ei for skogbrukstiltak og ei for minsteareal for hjortevald.
- Forureining og forsøpling: Det er utført både pålegg og gjennomført oppryddingsarbeid, samt årleg rydding av bilvrak.
- Trafikksikringstiltak: Gjennomført prosjektering av gangveg til Hagabotnane, og gjennomført dialogar med grunneigarane. Tiltaket er no innarbeid i nytt prosjekt – veg til Hagabotnane.
- Matrikkel: Den er no i stor grad ajourført.
- Vatn og avløp: Det er prosjektert VA-trase i Eikedalen, eit grunnlag for avtale med Kvam. Forvaltning arbeider med å lage avtalar og prosjekterer VA på Ytre-Tysse.



Opparbeidd badevik i Teigavika.

Foto: Nina Fredriksen

Måloppnåing i 2020 – kvalitet i sakshandsaming og kontinuitet i planlegging

Teknisk forvaltning forvalta i 2020 totalt om lag 9,3 mnok i netto driftsutgifter, inkludert sjølvkostområde for feiing. Totalt for teknisk forvaltning vart resultatet eit meirforbruk på 1,6 %. Meirforbruket er eit resultat av at lønsutgiftene til tilsette i brann og First responder no er lagt inn i Visma HRM, som er kommunen sitt lønssystem. Dette medførte ei anna periodisering og ei meirutgift i 2020, som vi reknar med vil rette seg opp i 2021.

I 2020 hadde teknisk forvaltning eit sjukefråvær på 2,7 %. I haust vart det tilsett ein ny ingeniør i vakant stilling. Teknisk forvaltning bistår teknisk drift med å registrere og legge inn kommunale VA-leidningar i kart, samt ingeniør- og prosjekteringskompetanse i VA-prosjekt.

57 byggesaker vart handsama i løpet av 2020, med ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 14 dagar. Tida kunne nok kortast ned om søknadane ikkje var mangelfulle. Sjølvkostgraden er 34 %. Det er handsama to klagesaker. Det vart ikkje ført tilsyn på bygging som er unnateke søknadsplikt, noko som det vil verte auka fokus på dei neste åra. Det er utført 15 oppmålingsforretningar. I tillegg har oppmåling bistått økonomikontoret med oppdatering av opplysningar i samband med eigedomsskatt. To private reguleringsplanar vart handsama og godkjende. Det er handsama berre 5 dispensasjonssaker. Ein oppdatert arealplan har resultert i ein stor nedgang i slike søknader. Klimaplan og arbeidet med å verte miljøfyrtårnbedrift er eit av områda som er utsett på grunn av koronapandemien.

Talet på innsynssaker har auka dei siste åra og desse har særskilt vore knytt til 3 enkeltsaker. Ei av desse er nærast avslutta i lagmannsretten, der kommunen vann saka, og er tilkjent saksomkostnader. Dei to andre ligg i rettssystemet.

Det har vore låg interesse for både tomter og byggeaktivitet dette året. Kommunen har få tomter att i Lønnebakken bustadfelt, og det bør verte regulert for nye tomter der det er opna for dette i kommuneplanen. Ei viktig oppgåve for kommunen dei neste åra vert å ta ei aktiv rolle med å påverke til bustadutbygging og næringsutvikling.



Det vart kjøpt inn ein ny brukt branntankbil til vår brannberedskap, samt til å dekke behovet for sløkkjevatt i tunnel. Me er i ein pågåande prosess med å få tilskot til bilen frå tunneleigar (fylkeskommunen).

Våren 2020 såg kommunen saman med Bergen brannvesen på ulike modellar for rimeleg modulbygg som kan erstatte branngarasjen, og som er i tråd med HMS-krav og brannforskrift. Både lokalisering og type bygg er ikkje avklara, men arbeidet pågår.

Spesielle hendingar i 2020

- Arrangerte felles samling saman med næringsforumet den 10. mars, der både Bjørnafjorden næringsutvikling og Etablerarsenteret orienterte om sine tilbod til næringsdrivande i Samnanger.
- Koronapandemi og nye måtar å jobba på i Teams-møte, både internt og eksternt.
- Kjøp av branntankbil.
- Det var planlagt møte både i vår og haust om framtidig bustadutvikling, utvikling av industriområdet og dialog med næringslivet/nyetablerte. Desse er sett på vent til smittevernreglane igjen gjer det mogeleg å ha ope arrangement.

Teknisk drift

Ansvarsområde

Til teknisk drift ligg drift av vatn- og avløp (sjølvkostområde), drift og vedlikehald av kommunale eigedommar, reinhaldstenesta, veg og kaiområde. I tillegg er ei rekkje større og mindre utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt òg lagt til teknisk drift. Det er 15,8 årsverk i avdelinga, der reinhald utgjør 7,99 årsverk.

Utviklingstrekk i 2020

Teknisk drift har særskilt arbeid med prosjektering for VA-utbygging på Ytre- og Indre-Tysse, vassleidning gjennom Haukanestunnelen og diverse påkoplingar og reparasjonar av kommunalt VA-anlegg. I tillegg har ein del arbeid vore knytt til nytt høgdebasseng i Nordbygda og ras- og flaumsikring ved Skottabakken. Dette er større prosjekt som har vore leia av driftsleiar i tillegg til dagleg drift. For framtida bør noko av prosjektleiinga leggest utanom drifta, for ikkje å få for stor opphoping av primærarbeidsoppgåver som då må stå på vent. Fornyng av VA-nettet og nye påkoplingar er nødvendig satsing framover, som vil legge beslag på ein del ressursar i teknisk drift. Av kommunale eigedommar er det særskilt ungdomsskulen og kommunehuset som vil trenge ombygging og større rehabilitering. Dette bør og verte organisert som prosjekt med eiga prosjektleiing.



Ferdig høgdebasseng i Nordbygda.

Foto: Nils Jonny Skar

Teknisk drift sine hovudmål/satsingsområde i 2020

Satsingsområda i drift kjem i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt. Dette er både mindre og krevjande utbyggingsprosjekt som ofte går over fleire år:

- Utføre tiltak i beredskapsplan for kommunalt vatn (ROS) – står att å etablere reservekjelde vassverk. Tiltaket måtte dessverre utsettast i 2020, med mål om å gjennomføra i 2021.
- Vedlikehald av «gamle» Skottabakken – fullført januar 2020.
- Ras- og flaumsikring Nordbygda/Skottabakken – er gjennomført våren 2020.
- Høgdebasseng i Nordbygda – etablere nytt utjammingsbasseng og ny veg vart fullført innan 2020. Sjølvkostområdet.
- Etablere vatn og avløp Ytre-Tysse – arbeid med prosjektering og avtaler på Ytre-Tysse var under arbeid i 2020-21. VA Indre-Tysse vert starta når Ytre-Tysse er ferdig bygt.
- Reinhaldd – mykje av reinhalddet er lagt om i tråd med smittevern og dedikert til å handtere reinhaldd i høve koronapandemien, særskilt ved Samnangerheimen og Skottabakken.
- Veg – ny sikring og utbetring av delvis utrasa parti på Liavegen.
- Asfaltert Lønnebakken og skifta 63 veglys til ledlys.
- Pussa opp eigen korona-/beredskapsavdeling på Samnangerheimen.
- Reparasjon bru Jarland – 10 % fullført i 2019 (fundament i elva), resten er utsett og vert utført i 2021 når kraftverket er ferdig bygt.
- Resten av Tveitaflaten er planlagt utbetra og vidare asfaltering er utsett til 2021.



Ras og flaumsikring Nordbygda/Skottabakken.

Foto: Nils Jonny Skar

Måloppnåing i 2020 – Utbygging av VA-nettet og gjennomførte prosjekt

Teknisk drift forvalta i 2020 totalt netto 13,03 mnok, og hadde eit meirforbruk på kr 391.000,00. Meirforbruket er i hovudsak knytt til bygg, og til dei som har heildøgnsdrift og særskilte smitteverntiltak. Kommunen fekk i 2020 pålegg om å kartlegge asbest i kommunale bygg. Rapportering og pålegg er utsett på grunn av koronapandemien, til våren 2021.

Teknisk drift hadde i 2020 sjukefråvær på 2,8 %. Dette er lågt for sektoren og lågare enn kontorsektoren (ca. 3,5 %). Det å ha brøytevakt vert etter kvart opplevd som ei belastning. Når ein no har fleire å fordele brøytevakten på, er fritak frå brøytinga vurdert som eit seniortiltak.



Det er gjennomført ei rekkje utbetringar på mange små og store lekkasjar på VA-leidningar. Dette har resultert i ein reduksjon på 50 % av gjennomsnittleg vassforbruk.

Vasskvaliteten på kommunalt vatn er svært god og har høg kvalitet, med få driftsstopp.

Det er og lagt ny hovudleidning og kummar på Frøland (bildet).

Teknisk drift opplever ofte at forventningane i einingane og ute blant innbyggjarane er høgare enn det drifta har fått av midlar til rådigheit til vedlikehald. Det er utarbeidd brukaravtalar for alle kommunale institusjonar og det er under arbeid å få til eit meldesystem for vedlikehaldsoppgåver.

Teknisk drift har ansvar for reparasjon og transport av hjelpemiddel og E-nøkkelsystem (elektroniske dørlåsar). Dette utgjer om lag 0,4 årsverk og ser ut til å vera eit aukande behov, i og med at fleire med omsorgsbehov skal kunne bu heime. Nytt nøkkelsystem for heimebuande med behov for omsorgsteneste har resultert i nye drifts- og vedlikehaldsoppgåver for teknisk drift, utan at det er tilført ressursar.

Spesielle hendingar:

- Med tildelte koronamidlar fekk ungdomsskulen utbeta- og nytt ventilasjonssystem, og det gamle barnehagebygget i Reistadliane fekk rehabilitert taket.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Janne Drevsjø

Netto driftsutgifter:

Samnangerheimen

Kr 24 245 143

(av dette kr 445 290
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr 25 123

(meirforbruk 0,10 %)

Heimetenesta

Kr 15 874 596

(av dette kr 326 661
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr -88 600

(mindreforbruk 0,56 %)

Inntekt sal til andre kommunar:

Kr 720 000

Tal årsverk :

54

Tal fast tilsette:

101

Eining for pleie og omsorg

Ansvarsområde

Til eininga ligg drift av Samnangerheimen, heimebaserte tenester, kreftkoordinator, koordinerande eining og dagtilbod. Tenesta legg vekt på at alle skal få individuelt tilpassa pleie- og omsorgstenester i samsvar med lov og forskrift. Våre verdiar er tryggleik, respekt og omsorg. Det vert levert gode tenester innan helse og omsorg, og me ivaretek dagleg drift samstundes som me jobbar med utvikling og tilpassing innan tenesteområdet.

Utviklingstrekk

Eininga har stadig aukande behov for kompetanseheving. Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune. Spesielt opplever me at pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus og mange må få vidare behandling i eigen kommune. Det er ein klar auke på komplekse oppgåver og fleire av pasientane som kjem på korttidsopphald er relativt dårlege og krev mange ressursar. Dette fører igjen til at det er aukande behov for frigjerings av sjukepleiarar som er aleine på ubekvemme vakter. Sjukepleiardekninga er pressa. Høg aktivitet og krevjande pasientsituasjonar og oppgåver inne og ute, gjev behov for sjukepleiar på topp. Fleire personar får i dag diagnose demens/Alzheimers, og grunna høg levealder har dei i tillegg fleire diagnostiserte somatiske sjukdomar, samt at det er mange utfordringar knytt til denne pasientgruppa. Spesielt ser me ein auke i utagering og truslar frå pasientane mot tilsette.

Det krev ressursar for å gje forsvarleg pleie, å tilrettelegge, å skape tryggleik, å vere tolmodig og å vere løysingsorientert. I tillegg er det svært viktig å ivareta og beskytte tilsette når pasientar er utagerande og utøver psykisk og fysisk vald. Rettleiing, samtale og støtte, undervisning og tilrettelegging er viktige oppgåver for å ivareta alle, og det er mange tiltak rundt denne pasientgruppa. Rettleiing, samtale og støtte til pårørande er ei anna viktig oppgåve rundt demente. Det er viktig at pårørande får nytta sine ressursar, men det er òg viktig å få til gode avlastingstilbod til dei demente, slik at pårørande ikkje blir utslitne, men klarar å stå i situasjonen over lengre periodar.

Etterspørselen etter opphald på sjukeheimen er større, og me ser ein viktigheit i tidleg innsats og førebygging av sjukdom og

skade. Det er gitt nødvendige avlastnings-, korttids- og rehabiliteringsopphald. Fleire pasientar har mottatt nødvendig hjelp i eigen heim. Den enkelte pasient får ivaretatt sine grunnleggjande behov med respekt for eigenverd. Målet er størst mogleg eigenomsorg og utvikling i eit trygt miljø med vekt på behandling og omsorg, vedlikehald av funksjonar, gjenopptrening av tapte funksjonar, samtidig aksept av tilbakegang og tilrettelegging for en verdig og fredfull død.

Det er ei auke i heimebuande som treng tenester frå heimetenesta. Nokon får tilsyn opp til ni gongar i døgnet, mens andre har mindre og færre behov for tenester. Det er ein høg gjennomsnittsalder på brukarar av heimetenesta, og me ser ein auka etterspørsel etter sjukeheims plass grunna einsamheit og utryggheit. Me merkar òg større pågang frå pårørnde som ynskjer å ha sine nærståande på sjukeheimen, for at dei skal vere trygge på at dei nærståande blir ivaretatt og har det bra.

Tildeling av sjukeheims plass skjer etter eigne kriterier, som er nedfelt og vedtatt i forskrifta om rett til langtids plass på sjukeheimen. Det er dei med blant anna alvorleg sjukdom, dei som går inn i livets siste dagar, demente som ikkje kan bu heime aleine, og brukarar som bur heime der det kan væra fare for liv og helse, som skal få sjukeheims plass i dag. Andre som kan bu heime, får forsvarleg helsehjelp i eigen heim. Me ser at etterspørsel etter omsorgsbustader aukar, og då er det ofte sterkt ynskje om å få bustad i nærleiken av sjukeheimen.

Då Samnanger kommune ikkje har eit heildøgns omsorgstilbod til andre enn dei som kvalifiserer til sjukeheims plass, starta rådmann og einingsleiar pleie og omsorg, i oktober 2020, ein prosess på å vurdere korleis kommunen kan gje eit slikt tilbod.

Det er framleis vanskeleg å leige ut omsorgsbustadar på Tyssekaien, då få ynskjer å bu der.

Pleie og omsorg har frivillige samarbeidspartnarar som er viktige. Frivilligsentralen, eldrerådet, Røde kors besøksteneste er nokon av dei viktige samarbeidspartnarane me brukar blant anna på dagsenter, som besøksvenn og besøk på Samnangerheimen.

TENESTER	VEDTAK 2020
Korttidsopphald	116
Langtidsopphald	16
Fast rullerande opphald	2
Heimesjukepleie	114
Praktisk bistand	57
Matombringing	33
Dagsenter	45
Tryggleiksalarmar	25
Omsorgsløn	4
Kreftkoordinator	14
Psykiatrisk sjukepleie	20
Dødsfall sjukeheim	15
Dødsfall i eigen heim	9

Eininga sine hovudmål/satsingsområde 2020

- Ny organisering med integrerte tenester og arbeid 6. kvar helg.
- Rekruttering spesielt av sjukepleiarar. For å kunne drifta forsvarleg i forhold til alle komplekse oppgåver som kjem til, treng me fleire sjukepleiarar for å meistra alle oppgåvene.
- Kompetanseheving for å styrka den enkelte tilsette og for at pasient og brukar skal få gode tenester
- Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær er noko me alltid arbeider med.
- Ernæring er viktig i arbeidet med demente og eldre som opplever sjukdom og forverra tilstand.
- Implementering av velferdsteknologi
- Tverrfagleg samarbeid
- Reforma «Leva heile livet»
- Tidleg innsats ved forverra tilstand

Måloppnåing i 2020

- **Ny organisering :**
Me starta opp med ny organisering med integrerte tenester og ny turnus med arbeid 6. kvar helg for helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Tilbakemelding frå tilsette er god og dei ynskjer å halde fram med denne drifta. Ein får variasjon i arbeidet, både fysisk og psykisk med å rullera inne og ute, samtidig som ein kjenner pasientane og kan følge dei godt opp. Arbeid kvar 6. helg er eit stort gode for tilsette, men har samtidig vore ei utfordring. Me er sårbare ved fråvær, spesielt på helg, og dette har ført til meirarbeid og overtid for enkelte tilsette. Etter omorganisering opplever me ein større søkjarmasse på sjukepleiarstillingar, men dette er noko me må ha fokus på og jobbe vidare med.
- **Kompetanseheving:**
Då det heile tida kjem nye oppgåver rundt pasientgruppa, er kompetanseheving ein føresetnad for å kunne ta vare på den enkelte pasient og brukar. Det stiller større krav, og kompleksiteten er stor. Det er viktig at den enkelte tilsette blir trygg og får nok kunnskap til å utøva oppgåvene. Trass koronapandemien har me gjennomført fleire planlagde prosjekt med kompetanseheving i fokus:
 - Demens ABC er gjennomført
 - Mitt livs ABC er gjennomført
 - Velferdsteknologiens ABC er gjennomført
 - Internundervisninga med palliativt årshjul
 - Helsefagarbeidar i vidareutdanning innan rus og psykiatri
 - To sjukepleiarar i vidareutdanning innan avansert gerontologi
 - Ein tilsett går på desentralisert sjukepleie
 - Intern undervisning og tavleprosjekta held me fram med å utvikla
 - Felles undervisningsdagar for alle tilsette har me ikkje fått til grunna koronarestriksjonar

- **Implementering av velferdsteknologiske løysingar:**

Er godt i gang og me er ein av få kommunar som har installert E-låser (elektroniske dørlåsar). Me må heile tida tenke teknologi i møte med nye brukarar. Me held fram med samarbeid med IKTNH (IKT Nordhordland) og Vestlandsprosjektet. Har fått til ein del:

- Digitale tryggleiksalarmar til heimebuande er på plass
- Alle som har tryggleiksalarmar har fått installert E-lås
- Me har tatt i bruk medisindispenser/medisin støtte
- Fallalarmar til fleire heimebuande som kan ha fare for fall
- Døralarmar, der me blir varsla dersom ein heimebuande går ut etter eit gitt tidspunkt

- **Tidleg innsats og førebygging:**

Er noko me har i fokus og me må alle tenkje nytt. Når pasientar/brukarar opplever forverring av tilstand eller skade må det vera stort fokus på behandling, rehabilitering, tryggleik og eigenmeistring. Me følgjer nasjonale føringar og planar, og reforma «Leva heile Livet» er ein del av dette, men sjølvstøtt med individuelle behov for den enkelte pasient/brukar. Å utvikla og byggja gode og vedvarande helse- og velferdstenester er eit kontinuerleg arbeid, der me må tenkja nytt om korleis me kan møte eit auka tenestebehov i framtida med dei same eller færre ressursar. Her kjem bruken av velferdsteknologi inn, samt å utnytta moglegheitene knytt til kvart trinn i omsorgstrappa. På den måten skapar me ein god samanheng mellom tenestene.

- **Fokusområde:**

- Alle pasientar og brukarar får kartlagt ernæringsstatus ved påbegynte tenester og ernæringsjournal opparbeidast med ny kartlegging kvar måned Ernæringsplan utarbeidast på risikopasientar.
- Videreutvikla innhaldet i inntakst- og årskontroll
- Auka søkjelys på vurdering av samtykkekompetanse og HLR (Hjerte-lunge-redning)
- Det er innført pårørandesamtale minimum ein gong pr år

- **Førebyggjande heimebesøk:**

Eit tilbod til alle over 81 år som ynskjer det.

Her får me kartlagt heimebuande og om det er tenester dei treng frå kommunen.

Fokus på førebygging og tidleg innsats.

- **Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:**
 - Personalmøte kvar måned
 - Kvar tysdag samarbeidsmøte med einingsleiar, fagsjukepleiar og assisterande avdelingssjukepleiar
 - Tysdag- og torsdagsmøte, der me tar opp utfordringar, rutinar osv
 - Felles lunsj kvar fredag
 - Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar måned
 - Digitalt avvikssystem
 - Årsturnus
 - Kompetanseheving
 - Tett dialog med den sjukemelde
 - Tilrettelegging ved behov
 - Medarbeidarsamtalar
 - Gratis influensavaksine til alle tilsette

- **Utfordringar:**
 - Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåver me skal løysa
 - Sjukefråvær
 - Koronapandemien

Spesielle hendingar i 2020:

- **Ny organisering**

- **Koronapandemien:**

Koronapandemien har utan tvil prega drifta. I tillegg til vanleg drift har me, for å ivareta smittevern og sikra beredskap, måtte laga nye rutinar og tiltak, framskaffa meir smittevernutstyr, etablere nye møte- og rapporteringsforum med meir. Dette har vore ressurskrevjande og har tatt fokus vekk frå ein del prosjektarbeid. Det har vore ei krevjande, men lærerik tid. Korkje bebuarar eller personale i institusjonane våre har vore råka av smitte, men det har likevel vore ei utfordrande og spesiell tid. Personale og bebuarar i karantene, utvikling og implementering av nye rutinar, informasjon og trygging av bebuarar, helsepersonell og pårørande har tatt mykje tid og planlegging. I tillegg har me oppretta ei ny mellombels koronaavdeling. Situasjonen har vore prega for brukarar, pasientar, pårørande og tilsette, men me har erfart ein enorm vilje og evne til omstilling.

Nedstenging av Samnangerheimen har til tider vore ei utfordring i møte med pårørande, men dei fleste har vist forståing. Pårørande til pasientar i livets slutfase, urolige demente og akutt sjuke, har alltid fått koma inn til sine. Det krev fleire ressursar med nedstenging og delvis nedstenging av Samnangerheimen. Avtale av besøk, anamnese av alle besøkjande, informasjon ut til alle, meir fokus på aktivitet, digitale møte mellom pasient og pårørande, smittevern osv. Med stenging av dagsenter på grunn av smittevern opplever me

ei utfordring overfor heimebuande demente og deira pårørande. Ved fortsatt nasjonale reglar og restriskjonar, opna me delvis opp, slik at dei demente fekk koma på dagsenter.

Andre moment:

- Oppussing av pandemi-avdeling
- Laga pandemi-turnus
- Mindre bruk og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, skular og barnehagar på grunn av koronapandemien og nedstenging. Me håpar på eit vidare godt samarbeid.
- Større sjukefråvær grunna koronapandemien og restriksjonar ved symptom og sjukdom.

Gjennom koronakrisa har me fått eit digitalt løft, der me til tider arbeidar meir effektivt. Me ser ein stor nytte av nye arbeidsmåtar gjennom Teams, både internt og i møte med samarbeidspartar utanfor kommunen. Dette er effektivt i høve til reisetid og reisekostnad, og ein arbeidsmåte me vil ta med oss vidare.

Me har ikkje gått ned på tenester grunna koronapandemien og har framleis fokus på den enkelte pasient/brukar.

Ser eit betre og tettare samarbeid mellom einingane.

Mål 2021:

- Halda fram med å gje gode tenester
- Sjukefråvær under 9 %
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og delta i prosjekt
- Ha nok tilsette med rett kompetanse
- Ha stor nok vikartilgang
- Treng framleis skilt og merking på parkeringsplassen
- Carport til bilane i heimetenesta





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Janne Drevsjø

Netto driftsutgifter:

Kr 11 159 222
(av dette kr 52 330
tapsført refusjon)

Avvik budsjett :

Kr 398 377
(meirforbruk 3,70 %)

Tal tilsette:

21
14 oppdragstakarar

Tal årsverk:

13

Tal brukarar:

25

Eining for funksjonshemma

Til eininga ligg drift av bufellesskapet, dagtilbod, arbeid, aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt med meir. Bufellesskapet har 8 bebuarar og rundt 15 andre heimebuande med tenester og oppfølging. Brukargruppa er frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene spenner frå omfattande til mindre tiltak. Nytt senter for funksjonshemma stod klart til innflytting mars 2020. Per i dag er det tre ledige leilegheiter.

For å drifte eining for funksjonshemma, har me landa på ei fordeling av oppgåvene. Einingsleiar har blant anna personalansvaret for tilsette som er tilknytt eining for funksjonshemma. Fagansvarleg har fagansvar for funksjonshemma, samt oppgåver og kontakt med brukarar som bur heime og deira pårørande.

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Brukarar kan ha rett til koordinator og individuell plan, samt oppfølging i ansvarsgrupper. Dette aukar mogelegheitene for å ivareta tverrfagleg samarbeid på ein god måte. Det har i aukande grad, nasjonalt og internasjonalt, vorte satt større fokus på psykiske lidningar blant utviklingshemma dei siste åra, dette er også noko ein ser lokalt og medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad er eit tverrfagleg tema. Eininga samarbeidar tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

Eininga sine hovudmål og satsingsområde i 2020:

- Få til ein god innflyttingsprosess til nytt senter og ein god overgang til nytt bygg
- Ha pårørandemøte i forkant av flyttinga, slik at dei får god informasjon
- Arrangere innflyttingsfest
- Lage gode prosedyrar for det nye senteret
- Halde sjukefråværet nede
- Ha fokus på å heva fagkompetansen i eininga
- Gjennomføra samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufelleskap
- Innføre digital IP (individuell plan)
- Behalde og rekruttere fagpersonale
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker
- Innføre Digi-helse i eininga
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagde arbeidsoppgåver

Tenester	Vedtak
Heildøgnteneste	8, 1 nytt i 2020
Habilitering utanfor institusjon	1
BPA (brukarstyrt personleg assistanse)	2
Avlasting utanfor institusjon	2
VTA (varig tilrettelagt arbeid)	5 plasser i annan kommune
Heimesjukepleie	8
Støttekontakt	12

Måloppnåing

- **Innflytting i nytt senter for funksjonshemma**

På grunn av koronapandemien og at Samnangerheimen måtte planlegga koronaavdeling, blei innflytting litt før enn me hadde tenkt, men med god planlegging i forkant og flott innsats og hjelp frå pårørande, blei innflyttingsprosessen god. Før innflytting var alt godt planlagt i høve fordeling av leilegheiter, merking av utstyr og ting, leige av transport osv. Det er eit fantastisk bygg brukarane har flytta inn i og fasilitetane er gode. Me har jobba mykje med å få på plass nye prosedyrar for eininga. Me har i forkant hatt møter, der me har gått gjennom kva som manglar, kvalitetssikring, tiltak med meir. Tilsette har vore veldig engasjerte og me har fått på plass fleire nye og gode prosedyrar. Me har fokus på pasientsikkerheit, utvikling innan organisasjonen, kompetanseheving og at alle gjer det same til det beste for kvar enkelt bebuar.

- **Arrangere innflyttingsfest**

Grunna koronapandemien blei det ei miniutgåve av innflyttingsfesten. Men kvar bebuar fekk ha med seg to pårørande og festen føregjekk ute i tunet med smitteverntiltak under kontroll.

- **Lage gode prosedyrar for det nye senteret**

Me har jobba mykje med å få på plass nye prosedyrar for eininga. Tilsette har vore veldig engasjerte og me har fått på plass fleire nye og gode prosedyrar. Me har fokus på pasientsikkerheit, utvikling innan organisasjonen, kompetanseheving og at alle gjer det same til det beste for kvar enkelt bebuar.

- **Fokus på fagkompetansen**

- Tilsette har gjennomført Mitt livs ABC
- Tilsette har gjennomført Velferdsteknologiens ABC
- Det er tilsett to sjukepleiarar i eininga. Då brukarane er eldre og fleire følgjesjukdommar er komne til, ser me at denne kompetansen er viktig
- Digital IP (individuell plan) er innført og tatt i bruk
- Digi-Helse («Hjemmetjenestens digitale innbyggerdialog») er ikkje starta opp, då vårt fagsystem ikkje på noverande tidspunkt støttar dette

- **Planlegge dagsenter**

Kommunen kjøper fleire VTA-plassar (Varig tilrettelagt arbeid) i andre kommunar, og brukarar har stor glede av å reisa på jobb, møta andre og ha innhaldsrike dagar. Hos enkelte brukarar, på grunn av sjukdomsforløpa, vil det på sikt vera betre for dei om dagsenter/arbeid er i nærleiken og meir tilrettelagt for den enkelte. Me har starta så vidt å snakka gjennom dette og om mogelegheita for å starte opp dagsenter sjølv, der me kanskje og kan vera vertsskap for andre. Dette treng planlegging og ressursar, som me vil ta opp i neste økonomiplan.

Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:

- Personalmøte kvar månad
- Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar månad
- Digitalt avvikssystem
- Årsturnus med langvakter
- Kompetanseheving
- Tett dialog med den sjukemelde
- Tilrettelegging ved behov
- Medarbeidarsamtalar
- Gratis influensavaksine til alle tilsette
- Det er eit mål for eininga med flest mogeleg tilsette i store stillingar, og det er fokus på å ha god kompetanse tilgjengeleg til ei kvar tid
- Gode måltid med brukarar og tilsette, med mogelegheit til å invitere pårørande
- Det er låg andel menn tilsett i eininga. Dette er det fokus på i tilsetjingar både ut frå eit likestillingsperspektiv, men mest med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

Spesielle hendingar i 2020:

- Koronapandemien har sjølvst sett sitt preg og brukarar har vore meir isolerte, då arbeidsplassar har vore stengt ned. Utover dette har ikkje bufellesskapet hatt mange restriksjonar, då dei bur i eigen heim. Men samtidig har tilsette vore medvitne om smittevern rundt brukarane.
- Innflytting i nytt flott bygg
- Eininga heldt fram med årsturnus og langvakter

Mål 2021:

- Halde sjukefråværet nede
- Fokus på å heve fagkompetansen i eininga
- Gjennomføre samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufellesskap
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagde arbeidsoppgåver ein kan gjere saman i det nye bufellesskapet. Kanskje starte dagsenter og vere vertsskap for andre òg?





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kari Anne Tolås Boge

Netto driftsutgifter:

Kr 12 520 191
(av dette kr 33 084
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr -9 987
(mindreforbruk 0,08 %)

Tal tilsette:

13
(utan sjukeheimslege)

Tal årsverk:

8,5

Tal brukarar:

2504 innbyggjarar

Eining for helse

Ansvarsområde

Fysioterapi, kommunepsykolog, psykiatriteneste, jordmor, helsesjukepleiar, legeteneste, kommunale ØH senger («øyeblikkelig hjelp»), legevakt og First responder.

Utviklingstrekk

Helseeininga har eit stort ansvarsområde, som omfattar heile befolkninga i kommunen. Der nokre av dei tilsette har ansvar for befolkninga i ein avgrensa tidsperiode i livet, som jordmor i svangerskapsomsorga, har til dømes legetenesta ansvar for heile befolkninga i alle fasane i livet. Nokre av dei tilsette har ansvar for førebyggjande helsearbeid, som helsesjukepleiar. Me er 13 tilsette, med høg fagleg kompetanse. Det er stadig nye faglege, nasjonale retningslinjer som utfordrar oss i vårt virke, det siste året sær med tanke på handtering av koronapandemien. Her har mykje tid og ressursar måtta bli brukt i eininga vår til å handtere pandemien på best mogeleg måte. Vidare har det det siste året vore mykje fokus på psykisk helse, både nasjonalt og kommunalt. I kjølvatnet av koronapandemien ser ein at befolkninga både i Noreg og Samnanger har fått utfordringar med den psykiske helsa etter nedstenging og smittevernreglar. Dette legg føringar for eininga vår kvar dag. Eininga arbeider tett med ulike faginstansar, både lokalt og utanfor kommunen. I 2020 har me hatt eit tett og godt samarbeid med pleie og omsorg i høve testing og anna handtering av koronapandemien.

Eininga sine hovudmål/satsingsområde

- Kompetanseheving for å sikra den enkelte pasient/brukar eit godt tilbod
- Lågt sjukefråvær
- Arbeidsmiljø
- God handtering av koronapandemien. Følgje nasjonale føringar for handtering av koronapandemien, som planlegging av vaksinasjon
- Lågterskeltilbod frå psykolog
- Starte planlegging av plan: Førebygging av sjølvskading og sjølvskading
- Fokus på psykisk helse
- God tilgang til hjelpemiddel
- Gje ei god og stabil svangerskapsomsorg
- Tverrfagleg samarbeid
- Kvalifisert personale i stillingane
- Trim for dagsenter

Måloppnåing

- **Kompetanseheving og kvalifisert personale:**

Året 2020 har vore krevjande med tanke på kompetanseheving, sær i høve kursing. Det ha vore fokus på det i eininga, ein har delteke på aktuelle webinar og samlingar som har latt seg gjere. I høve behov for auka kompetanse med tanke på koronapandemien var det i starten vekentlege personalmøte. Såleis var det mogeleg å gje informsajon, auka kompetansen og diskutere ulike måtar å handtere situasjonen på. Det har og vore internundervisning i høve hjartestartar. Det er viktig med kvalifisert personale i stillingane. Me prøvde hausten 2020 å få på plass vikar for helsesjukepleiar som gjekk ut i permisjon i starten av 2021, dette lukkast me ikkje med.

- **Sjukemelde:**

Det er låge tal i høve sjukemelde i einiga. Det er viktig å ha fokus på dette, og ha tett oppfølging av den sjukemelde.

- **Arbeidsmiljø:**

Me gjennomfører personalmøte for alle i eininga. Vidare har personalet på legekantoret faste personalmøte. Me starta i 2020 opp med samarbeidsutvalsmøte mellom legane og kommunen (rådmann og einingsleiar). Me har faste sosiale treff sommar og til jul. I februar gjennomførte me fagdagar for alle i einiga. Medarbeidarsamtale vart gjennomført ved hjelp av Motivati.

- **Handtering av koronapandemien:**

Koronapandemien gav einiga mange utfordringar. Det vart raskt sett i gang med koronatelefon og testing lokalt. Fleire av dei tilsette fekk nye arbeidsoppgåver, og nokre fekk opplæring hjå anna eining for eventuelt å avhjelpa der. På smittevernslegen vart det eit stort arbeidpress, både tidsmessig, men og med nye oppgåver. For å avhjelpa dette, fekk me både auka opp stillinga noko, samt at ein annan lege handterer dette i ein liten stillingsstorleik. Utpå hausten fekk me i gang eit godt samarbeid med pleie og omsorg, spesielt i høve testing. Det har og kome nasjonale føringar for planlegging, som talet personar kommunen skulle kunna testa per veke, og planlegging av koronavaksinasjon. Dette arbeidet har smittevernslegen hatt fokus på og laga plan for. Mot slutten av 2020 var det fleire møte for planlegging av gjennomføringa av vaksinasjon, som skulle starta opp i starten av 2021.

- **Lågterskel-psykolog:**

I 2020 fekk me tilsett fast kommunepsykolog. Dette skal vera eit lågterskeltilbod. Stillinga er delt i tre:

- Behandling/individuell oppfølging av barn, foreldre og vaksne
- Systemarbeid og psykologfagleg rettleiing og samarbeid til/med andre tenester i kommunen
- Overordna planarbeid med fokus på psykisk helse

Kommunepsykologen har vorte ein god ressurs i handtering av psykisk helse i kommunen, særst opp mot barn og unge si psykiske helse. Kommunepsykologen har og starta opp med planlegging av plan mot sjølv mord og sjølvskading, noko kvar kommune skal ha.

- **Psykisk helse:**

Gjennom 2020 har det i samfunnet vore eit ekstra fokus på psykisk helse, særst blant barn og unge. Bekymringane har vore store for desse under koronapandemien, med stengde skular og reduserte sosiale møteplassar. Alle me som jobbar med denne gruppa i einiga vår har hatt fokus på dette, mellom anna ved at me har vore lett tilgjengelege for brukarane som har hatt behov. I starten av pandemien hadde me open bekymringstelefon betent av kommunepsykologen, og me starta trilleturgruppe for familiar med nyfødde som erstaning for barselgrupper som me ikkje kunne ha grunna smittevernsreglar. Psykiatritenenesta har hatt dagsenter i periodar der det har vore mogeleg i høve smittevern. Helsestasjonen har vore tilgjengeleg gjennom heile året. Ein liten periode var det kun enkelte grupper som kunne koma på helsestasjonen fysisk, men det var kontakt per telefon med sårbare familiar og andre som trong dette.

- **Hjelpemiddel:**

Det er viktig med tilgang til gode hjelpemiddel, og nødvendige hjelpemiddel, sjølv med nedstengingar. Fysioterapeut er kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen, og har gode rutinar på kartlegging, bestilling, utprøving og levering av desse.

- **God svangerskapsomsorg:**

Ei god svangerskapsomsorg er viktig, både for å utføre undersøkingar, avdekkje vald og unormalitetar og tryggje foreldre fram mot fødsel. Etter eit par år med sjukemeld jordmor, fekk me i 2020 på plass vikar. Stillinga er no på 20 %, og me har på plass ein god jordmorvikar med god kompetanse og god evne til å samarbeide.

- **Tverrfagleg samarbeid:**

Me samarbeider godt internt i eininga vår. Vidare har me samarbeidspartnarar både i kommunen og utanfor. Psykiatritenenesta har hatt månadlege samarbeids- og fagmøte på/med Solli distriktpsikiatriske senter. Leiande helsesjukepleiar sit i regionalt samarbeidsfora med andre leiande helsesjukepleiarar, og kommuneoverlegen har faste møte med andre kommuneoverlegar og Statsforvaltaren. Ulike tilsette i eininga sit i krise- og omsorgsteam, i palliasjonsteam i kommunen, i tverrfagleg samarbeidsteam for barn og unge i kommunen og faste samarbeidsmøte med BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk). Leiande helsesjukepleiar er kontaktperson for barn som pårørande for kommunen. Ulike tilsette samarbeider tett med skule og barnehage. I 2020 fekk me opp å gå eit godt samamrbeid med pleie og omsorg i høve handtering av koronapandemien.

- **Trim på dagsenter:**

Fysioterapeut har prøvd å oppretthalde trim på dagsenteret for dei eldre, dette har vore litt av og på grunna smittevernsreglar.

Spesielle hendingar i 2020

- Koronapandemien har heilt klart prega drifta i heile eininga. I tillegg til å drifta eininga etter gjeldande retninglinjer for den enkelte, har me og måtte handtera ein pågåande pandemi med auka arbeidspress, nye arbeidsoppgåver og stor slitasje på dei tilsette. Det har krevd nye prosedyrar i høve smittevern, det har vore mange møte, handtering av noko smitte, og bekymring for scenario om det skulle koma mykje smitte.
Det har vore ei krevjande, men og lærerik tid, me har samrbeidd meir både internt i einiga og på tvers av einingane.
- Frå 31. desember 2020 vart psykiatritenesta overflytta til eining for pleie og omsorg. I november og desember slutta begge dei psykiatriske sjukepleiarane, den eine gjekk av med pensjon. Det vart tilsett nye med oppstart rundt januar 2021.
- I april 2020 byrja kommunepsykologen i stillinga si.
- I 2016 blei avtalen om kommunal akutt døgnplass ved Haraldsplass Diakonale Sykehus sett i verk. Erfaringa med desse har vore gode. Men også i 2020 har det vore ein utfordring i å få etablert hyppigare bruk av denne tenesta.
- Me har gjennom pandemien fått eit digitalt løft, sær med tanke på samarbeidsfora på til dømes Teams. Legane har nytta telefonkonsultasjonar, og legane og psykolog har nytta videokonsultasjon.
- Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge er eit viktig forum, men i 2020 har det vore begrensa med møte.
- Leiande helsesjukepleiar vart frå 1. mars 2020 einigsleiar i eininga.
- Det vart hausten 2020 søkt etter vikar for helsesekretær og helsejukepleiar frå tidleg 2021. Det lukkast kun å få tak i vikar for helsesekretær.

Mål for 2021

- Framleis god handtering av koronapandemien
- Vaksinere innbyggjarane mot covid-19
- Lågt sjukefråver, godt arbeidsmiljø og godt samarbeid
- Gje gode tenester
- Kompetanseheving
- Personale i alle stillingane
- Framleis godt samarbeid med øvrige tenester





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kjerstin Skulstad

Netto driftsutgifter:

kr 8 128 360

(av dette kr 140 876
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr 38 810

(meirforbruk 0,48 %)

Tal tilsette:

14

Tal årsverk:

Einingsleiar 1

Grunnbemanning 11,20

Styrka §37 3,20

Lærling, ut juli.

Tal barn i 2020:

41

Eining Dråpeslottet barnehage



Ansvarsområde

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... (bhg. lova § 1)
Dråpeslottet barnehage gjev eit godt heilskapleg pedagogisk tilbod til barn i alderen 1-6 år. Barn som fyller eit år innan 30. november har rett på barnehageplass ved hovudopptaket som er 01.03 kvart år.

Tilsette

Bemanningsnorm:

6 store barn/3 småbarn pr. tilsett (Avdeling: 18/9)
Samnanger kommune har 3,10 pr. avdeling i grunnbemanning (0,10 grunna lovpålagt planleggingstid for pedagog)

Pedagognorm:

14 store barn/7 småbarn pr. pedagog
26 store + 15 små x 2 (småbarn reknast som to) = 56
 $56/14 = 4$ og dette gjev 4 pedagogar

Utviklingstrekk

Barnehagen har tilsette med god utdanning og god erfaringskompetanse, også nokon med spesialpedagogikk. Dråpeslottet har ikkje hatt fulle barnegrupper dette året. Tal barn som har fulltidsplass har auka mykje. Ingen tilsette har vorte sagt opp, då me på grunn av barn med særskilde behov § 31 eller vedtak på § 37-tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, har hatt bruk for alle tilsette. Fleire av assistentane ynskjer å ta fagbrev i barne- og ungdomsfaget, og dei jobbar målretta mot dette.

Oppfylle årsplanen sjølv i koronapandemien

Barnehagen har endra organisering av personalet for å kunne ivareta smittevernforskrifta, noko som personalet har opplevd svært positivt. Arbeidsmiljøet har vorte styrka.

Eininga sine hovudmål /satsingsområde

Årsplanen speglar satsingsområda til «Strategiplanen for oppvekst» der identitet og sosial kompetanse, samt språk er hovudsatsing i barnehagane. Ein har også jobba mykje med inkludering gjennom tema vennskap og barns medverknad. Gjennomføring av Prosjekt Nøkkelen - Eg og Du - i samarbeid med KLP (Kommunal Landspensjonskasse) - eit nærværprosjekt for å få ned sjukefråværet. Dette vart avslutta haust 2020.

Barnehagemiljøet

Heile barnehageeininga har jobba med å få på plass ein lokal plan mot mobbing. Denne planen gjeld frå 01.01.2021. Godt leikemiljø, vera mykje ute i naturen og utforska lokalområde rundt barnehagen.

Samarbeid med føresette

Koronapandemien har lært oss å bruka meir digitale verktøy med til dømes Teams-gruppe med dei tilsette og meir bruk av programmet «Vigilo» for informasjon til heimane. Barnehagen hadde ope for føresette som hadde samfunnskritiske oppgåver. Samnanger fekk nytt digitalt opptak med Vigilo OAS gjennom samarbeid med IKTNH (IKT Nordhordland).

Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule har vorte oppdatert, og det er meir fokus på tverrfagleg samarbeid i heile organisasjonen.



Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra

Barnehagane har levert tenester med god kvalitet med fokus på utvikling hos barnet.

Måloppnåing

Barnehagen har jobba medvite på tema om språkopplæring, der me har nytta pedagogiske verktøy som til dømes Språksprell, Snakkepakken og Babblarna. Barnesamtaler og fokus på barnas interesse har vore brukt for å stimulera og utvikla barna.

Spesielle hendingar i 2020

Koronapandemi og nedstenging har prega barnehagekvardagen gjennom nesten heile året. Med nedstenging har me hatt kortare opningstider, trafikklysmodellen, stadige endringar i smittevernreglar, kohortar og reduserte kontaktar, noko som har gitt oss mange utfordringar. Det har vore store utfordringar å få kvardagane til å gå opp med nok folk til ei kvar tid, når kohortane ikkje kan blandast. Me har måtte tenke heilt nytt, og organisere kvardagane på nye måtar. Nye, små grupper på tvers av avdelingane, og nye måtar å jobbe på. Sauegjerdet gjev oss fleksibilitet ute. Heile personalet stod på og gjorde ein fantastisk innsats. Dette har styrka samhaldet og arbeidsmiljøet i barnehagen på ein positiv måte. Faste tradisjonar som påskelunsj og juleavslutning med føresette gjekk ut. Barnehagen var smittefri i heile 2020.

På Dråpeslottet jobbar det mange småbarnsforeldre, men det koronarelaterte sjukefråværet har vore lite. På tross av pandemien nådde me dei måla me hadde sett oss i årsplanen, men på ein annan måte.

Investering /nye tiltak

Nye digitale verktøy, Motivati medarbeidersamtaler vart teken i bruk.

- Overbygg utanfor småbarnsavdelingane med nye sandkassar
- Soveskuret har fått inn vindauge, så barna kan sove der heile året. Sovevakt til stades i skuret under heile sovetida.
- Flyttbare gjerde, slik at uteområdet kan delast inn i kohortar.

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø

Me har halde fram med å arbeide med KLP-prosjektet utover hausten og vinteren.

Dei viktigaste områda er:

- Kompetanseheving, trivsel og arbeidsglede
- Kommunikasjon og tilbakemeldingskultur
- Ergonomi/fysisk miljø

Trivselstiltak

Rådmannen ba politikarane om å spandere julemiddag, laga av dei tilsette ved Samnangerheimen. Dette vart svært godt motteke og alle sette pris på oppmuntringa etter eit spesielt arbeidskrevjande år med koronapandemi. Personalet fekk pizza på planleggingsdagen.

Kompetanseheving

Ein fagarbeidar har starta vidareutdanning i spesialpedagogikk 60 studiepoeng, med eksamen i 2022.

Spesielle hendingar

- 6. februar: Samefolkets dag. Barnehagen markerte dagen i ei heil veke
- 21. februar: Karneval
- 12. mars til og med 20. april: Nedstenging, men ope for samfunnskritiske funksjonar
- Vår/sommar: Tre fellesturar for alle førskulebarn i kommunen vart avlyste. Me tok turar med førskulebarna i vår barnehage til idrettsplassen/sjøen o.l.
- Foreldremøte vart avlyst. Samarbeidsutvalsmøte vart gjennomført.
- Foreldrerådet sa seg villig til å fungera eit år til, grunna koronarestriksjonar.
- September: Brannvernveke
- Oktober: Verdsdagen for psykisk helse i ei temaveke med spesiell fokus på psykisk helse. Tema: *Spør meir!*
- Barnehagen har hatt fokus på vennskap og inkludering, gjennom heile året, og fokus på inkludering når det kjem nye barn.
- Luciafeiringa føregjekk utandørs der foreldra var velkomne. Alle fekk nybakte og lunkne lussekattar.
- Desember: juleverkstad som vanleg. Presten kom og hadde julestund på kvar avdeling.
- Nissefest avdelingsvis, med graut. Nissen med noko i sekken var utanfor og vinka inn.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Aud Lygre Solvang

Netto driftsutgifter:

kr 8 758 579

(av dette kr 242 524
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr 239 563

(meirforbruk 2,81%)

Tal tilsette:

18

Tal årsverk:

Einingsleiar 1

Grunnbemanning 12,40

Styrka §37 2,30

Styrka, korona 0,4 frå

desember

Lærling, ut august

Tal brukarar:

- 36 store barn
- 15 små barn
- 51 til saman

Eining Vassloppa barnehage

Ansvarsområde

Barnehagen har ansvar for å driva ein god barnehage i tråd med Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen. Det er utarbeida ein lokal årsplan for barnehage.

Tilsette

Bemanningsnorm:

6 store barn/3 småbarn pr. tilsett (Avdeling: 18/9)

Samnanger kommune har 3,10 pr. avdeling i grunnbemanning (0,10 grunna lovpålagt planleggingstid for pedagog)

Pedagognorm:

14 store barn/7 småbarn pr. pedagog

$36 + 15 \times 2$ (småbarn reknast som to) = 66

$66/14 = 4,7$ og dette gjev 5 pedagogar

Utviklingstrekk

Barnehageeininga vart omorganisering frå 1. august. Kvar barnehage fekk einingsleiar/styrar i 100 % stilling. Om våren var det ein einingsleiar i 100 % stilling, som var fordelt på dei to ulike einingane og kommunehuset 40/40/20, og to assisterande styrarar i 80 % stilling i kvar barnehage.

Eininga har fått tilført midlar i løpet av året på grunn av feil budsjettering av lønnsnivå på fleire stillingar og auka utgifter til barn med nedsett funksjonsevne med vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod etter § 37. Fleire barn med utfordringar har trong for tett oppfølging for å gjera seg nytte av det ordinære barnehagetilbodet. Vassloppa har hatt høgare lønnskostnad på styrka tiltak og fekk overført ekstra midlar hausten 2020 på grunn av dette.

Nedstenging, trafikklysmodellen, stadige endringar i smittevern, kohortar, redusert kontakt mellom tilsette og digitale møte, har gitt oss mange utfordringar og prega drifta dette året. Barnehagane har stått i front og vart eksponert for smitterisiko. Alle tilsette har gjort ein formidabel innsats, og me har lært mykje nytt dette året. Auka fokus på hygiene og digitale møte er noko av det me ynskjer å vidareføre etter at pandemien er over.

Våren 2020 fekk me oppleve kva full bemanning gjennom heile dagen hadde å seia for barna som alle har trong for å bli sett, høyrte og forstått. Gjennom barnehagedagen hadde me heile personalgruppa til stades, og me fekk meir ro og nok tid til å gje

merksemd til alle barn. Etter at det opna opp igjen, med vanleg opningstid og matsservering, har det vore ein svært krevjande og hektisk periode for alle tilsette. Konsekvensane vart mindre kontakt og samarbeid på tvers av avdelingane, noko som gjorde logistikken vanskelegare og reduserte kjensla av fellesskap og samarbeid. Dette førte igjen mindre tid til koordinering og planlegging av det daglege arbeidet.



Eininga sine hovudmål/satsingsområde 2020

Barnehagane og skulen i Samnanger har felles visjon, men i barnehagen er leik og læring nært knytt saman.



Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra

Handlingsrutinar mot mobbing.

Me har jobba med førebygging og tiltak mot mobbing i heile organisasjonen og ferdigstilt lokal plan i samarbeid med dei andre barnehagane. Planen gjeld frå 01.01.2021 i tråd med nytt lovverk.

Aktivitetar, satsingsområde

- Turar i naturen og nærmiljøet. Alle avdelingane. Småbarn var oftare på tur i terrenget.
- Tema i tråd med årsplanen, til dømes kroppen og livet i havet.
- «Hjartevarme måltid» og hyggeleg lag på tvers av generasjonar starta opp igjen i januar 2020. Pensjonistar som bur aleine fekk komme i barnehagen og ete middag saman med førskulebarn. I mars måtte me sette dette på pause på grunn av koronapandemien.
- Digitale verktøy er nytta meir med gode rutinar for samarbeid med føresette. Dette for å gje informasjon og kommunikasjon med heimane.
- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid, med PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste), helsesjukepleiar og barneskulen.

Me har ikkje gjennomført foreldremøte i 2020. Det har vore eit møte i samarbeidsutvalet.

Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass

- Stort sjukefråvær og mangel på pedagogvikarar har vore ei utfordring. Dette har gått noko ut over kvaliteten på tenesta.

- August 2020 vart det tilsett i ei fast stilling som pedagogisk leiar og to pedagogiske leiarar i vikariat. Dette har gitt oss eit positivt løft, og ført til meir stabilitet og mindre sjukefråvær.
- Me tilbyr kompetanseheving og erfaringslæring på arbeidsplassen.
- Planleggingsdag 6. november vart nytta til kurs for alle tilsette i Vassloppa med Erik Nordgren, der tema var: *Inkluderande fellesskap*. Eit inspirerende kurs i tråd med stortingsmelding 6 og den nye barnehagelova om barnehagemiljøet.

Måloppnåing 2020:

- Barna har takla endringane med kohortar og avgrensingar på ein god måte, samstundes som dei har utvikla seg og tileigna seg nye kunnskapar gjennom ulike prosjekt ein har hatt.
- Me har klart å drifta barnehagen med fulle opningstider, unngått nedstenging, og oppretthalde matsservering etter nedstenginga i april.
- Redusert sjukefråvær blant barn og vaksne.
- Spart pengar på forbrukspostar for å redusere avvik på budsjettet.
- Me har stort sett gjennomført årsplanen på tross av pandemien, men nokon markeringar vart endra eller avlyste, til dømes påskelunsjen med foreldra.
- Meir stabil bemanning med nok pedagogar på jobb siste halvår.

Foreldreundersøkinga desember 2020

- Svarprosenten i Vassloppa var god på 76 %. Resultata viser tydeleg at foreldra er litt mindre nøgde med barnehagetilbodet på dei fleste område, samanlikna med tidlegare undersøkingar (2017). Me har før vore på nasjonalt nivå og helst litt over. No ligg me litt under. Dette vert det spennande å jobbe vidare med for å forbetre.

•	Svært fornøyd	Ganske fornøyd	Verken fornøyd eller misfornøyd	Ganske misfornøyd	Svært misfornøyd	Vet ikke	Snitt
Totalt sett, hvor fornøyd eller misfornøyd er du med din barnehage?							
Vassloppa barnehage (2020)	11	21	5	0	0	0	4,2
Vassloppa barnehage (2017)	26	18	0	0	0	0	4,6
Nasjonalt (2020)	77634	41660	5896	1758	467	189	4,5

Rapport frå Foreldreundersøkelsen 2020.

Gevinstar frå avslutta to-årig KLP-prosjekt

- Redusert sjukefråvær, færre yrkesrelaterte langtidssjukemelde, færre vikarar
- Tilsette har auka stillingsprosent, færre vikarar
- Spart tid
- Tilsette færre stillingar
- Betre arbeidsmiljø
- Auka bruk av ergonomiske hjelpemiddel
- Auka kvalitet på informasjon til tilsette
- Betre tenester med høgare fagleg kompetanse

Kompetanseheving i 2020

- Ein lærling og ein assistent i Vassloppa fullførte fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget hausten 2020
- Ein assistent i mellombels stilling byrja på teoridelen til fagprøve
- Ein assistent i mellombels stilling byrja på barnehagelærarutdanning i august samstundes som ho jobbar.

Spesielle hendingar 2020

- **20. februar** - Karneval
- **12. mars** – Nedstenging av barnehage og skule i Samnanger, ein dag før den nasjonale nedstenginga
- **02. april** - Påskelunsj. Føresette var ikkje invitert
- **08.- 12. juni** – Ekstremsport-veka i Vassloppa barnehage
- **16. juni** - Avslutningsfest for 6-åringane med foreldre, ute
- **14.-18. september** – Brannvern-veke
- **Oktober** - Verdsdagen for psykisk helse, der me arrangerte ei temaveke med spesiell fokus på psykisk helse: *tema- «Spør meir»*
- **23. oktober** - Haustfest
- **14. desember** - Luciafrukost – gjekk til Skottabakken og song til bebuarane
- **17. desember** - Nissefest



Eining Samnanger barneskule

Ansvarsområde

Samnanger barneskule er styrt etter gjeldande nasjonale planar, lover og forskrifter. Skulen skal vera ein god stad å vera og ein god stad å læra. Lærarane arbeider godt både med dei ulike faga og med læringsmiljøet. Det er eit godt samarbeid med heimane, FAU og skuleeigarnivå.

Utviklingstrekk i 2020

Dette året var prega av to ulike halvår. Vårhalvåret var prega av at koronapandemien med stenging av skulen kom brått på, og mykje ekstra arbeid og planlegging vart påkrevd. I same vårhalvår slutta rektor, og me måtte organisera leiinga ut frå dette. Ein utfordrande personalsituasjon med varslingssak og gransking utført av revisjonsfirmaet Deloitte, prega også dette halvåret.

Hausthalvåret gav oss på fleire område ein annan situasjon. Ny rektor, utvida administrasjon med innføring av avdelingsleiarmodellen og erfaringar med koronatiltak som me kunne vidareføra. Med dette som utgangspunkt er me mykje meir klare for å kunna driva pedagogisk utviklingsarbeid ved skulen igjen. Men samtidig ser me at hausthalvåret har vore krevjande å driva skule i, med mange tilsette i permisjonar, høgt sjukefråvær samt krav om nedskjeringar i budsjettet.

SFO-leiarstillinga vart auka frå 40 til 50 % administrativt. I feriane til skulen har SFO eit tilbod alle dagar, noko som vart endra i 2020 og godkjent politisk. Det er ikkje krav om tal elevar for å halda SFO ope i desse ferievekene. Dette er eit svært positivt trekk ved organisasjonen og gjev forutsigbarheit for alle.

Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2020

- Alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen og SFO, jamfør opplæringslova §9a.
- Alle våre satsingar har inkluderande læringsmiljø som overordna målsetjing.
- Arbeida med å skapa gode relasjonar mellom elevar og mellom elevar/lærarar. Mål: vår skule, vår SFO, våre elevar, fellesskap, felles opplevingar.
- Skulen og SFO skal vera ein trygg og god arbeidsplass for dei tilsette.
- Auka kompetanse med digitale læringsplattformer. Trygge elevar og lærarar på å bruka ulike digitale program som til dømes Teams.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar/rektor:

Eli Kristin Berge

Netto driftsutgifter:

Kr 21 474 870
(av dette kr 654 786
tapsført refusjon)

Avvik budsjett:

Kr 747 099
(overforbruk 3,60 %)

Tal tilsette:

39 (42)

Sjukefråvær:

6,9 %

Tal elevar i 2020:

214

Tal elevar SFO i 2020:

47

Adresse til nettside:

www.minskole.no/samnanger



- Leksemedviten skule. Det vil seie at alle lekser skal ha ei pedagogisk grunngeving og skal vera tilpassa eleven. Leksene skal fylgjast opp på skulen.
- Leselystprosjekt. Eit prosjekt som skal styrke arbeidet med lesestimulering i skulebiblioteket i samarbeid med folkebiblioteket.
- Fagfornyng. Det vart innført nye opplæringsplanar for elevane frå 01.08.2020. Desse planane held me på å implementera i skulen. Me har som mål å få til aktive elevar i eit godt læringsmiljø, i tråd med dei nye planane.



Uteaktivitetar i snø.



Nye leikeapparat.

Måloppnåing i 2020

Dei nasjonale måleindikatorane for kvalitet syner jamt over bra resultat for barneskulen. Dei siste fire åra fordeler seg slik:

År	Engelsk	Lesing	Rekning
17-18	56	51	56
18-19	50	45	49
19-20	47	48	49
20-21	48	46	51

Lesing: Me har kartlagt i kva grad dugleikane til elevane er i samsvar med mål for grunnleggjande dugleik i lesing. *Elevane skal visa at dei kan finna informasjon, forstå/tolke og reflektera over vurderer form/innhald i tekst.* Me har då funne ut at skulen treng arbeida meir med lesing generelt og lesing hjå gutar spesielt. Me vil halda fram med å ha fokus på lesing og leseforståing, mellom anna gjennom felles leseplan, vurdering for læring, tidleg innsats samt ulike lesekurs.

Rekning: Me har kartlagt i kva grad dugleikane til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande dugleiken i rekning: *Tal, måling og statistikk* tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar, og inneber at elevane forstår *korleis dei kan løysa ei gitt utfordring, kan løysa problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurderer om svara er rimelege, og kan ha effektive strategiar for enkel talrekning.* Me har då funne ut at skulen har eit resultat over landsgjennomsnittet som er 50.

Engelsk: Faget er ikkje ein del av dei grunnleggjande dugleikane som er integrerte i kompetansemåla i læreplanane. Oppgåvene er knytt til: *finna informasjon, forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar, forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid, forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i, bruka vanlege grammatiske strukturer, småord og enkle setningsmønster*. Me har likevel funne ut at skulen har eit resultat i år som tyder på at me må setja inn konkrete tiltak som å auka ordforrådet til elevane, variera dei engelske tekstane, ha fokus på leseforståing og å snakka engelsk i kvardagen.

Trivsel: Elevundersøkinga viser at me mellom anna har nådd målsetjingane om god trivsel på skulen. Eksempla under viser utdrag frå elevundersøkinga gjennomført av 5.-7.trinn haust 2020. Høg verdi viser positivt resultat.


Spørsmål	SBS	Fylke
Trivst du i friminutta?	4,5	4,4
Trivst du i elevgruppa?	4,3	4,3
Opplever du at lærarane har tru på at du kan gjera det bra på skulen?	4,4	4,3
Læraren hjelper meg slik at eg forstår det eg skal læra	4,5	4,3

Spesielle hendingar i 2020

- Koronapandemien har utfordra oss i kvardagen. Me har i hausthalvåret hatt ein skulekvardag på gult nivå etter trafikklysmodellen. Det vil seie at klassane er å sjå på som ein kohort og kan berre samarbeide med parallellklassen sin. Friminutta er inndelt i ulike område og elevane rullerer på kva område dei skal nytta. SFO er og inndelt i klassekohortar. Dette gjev ein skule som er lite fleksibel og me har hatt få felles opplevingar som skule samt utfordra oss på å finne aktivitetar som er innanfor smittevernråda på gult nivå.
- Har hatt tett samarbeid med FAU (foreldrerådets arbeidsutval) kring utemiljøet på skulen. Det er kjøpt inn og montert nytt leikeapparat. Det er kjøpt inn ny reir-disse. Den blir montert vår 2021. Ein tilsett kom òg med to bord-benkar til skulen. Me har starta på arbeidet med å laga til ein plan for uteområdet, der målet er eit meir innhaldsrikt utemiljø for elevane våre.
- Datamaskiner til 4. trinn. Det vart våren 2020 kjøpt inn datamaskiner til trinn 4. Per 01.08. 2020 hadde alle elevar frå trinn 4 til trinn 7 ei datamaskin kvar.
- Leselystprosjekt. Skulen fekk våren 2020 tilskot til eit leselystprosjekt som skal styrka skulebiblioteket på skulen. Dette prosjektet starta opp august 2020 og vil halda fram til ut 2021. Pengestønadene går til å auka skulebibliotekarstillinga på skulen samt at folkebibliotekaren blir knytta til skulen nokre prosent. Målet er å skapa leseglade og informasjonskompetente elevar i tett samarbeid med både skulebiblioteket og folkebiblioteket i Samnanger. Eit anna mål er å laga ny leseplan med lesing i alle fag, i tråd med ny læreplan.
- Leksemedviten skule. Skuleåret 19/20 var eit prøveår for leksefri skule. Koronapandemi og stengt skule i mars 2020, gjordet at dette prosjektet stoppa. Erfaringar ein hadde gjort

seg etter nedstenginga, førte til at skulen i skuleåret 20/21 ønska å vera ein leksemedviten skule. Det inneber at lærarar skal ha ein kritisk refleksjon over eigen praksis kva gjelder lekser. Vidare skal lekser tilpassast eleven og lekser skal følgjast opp på skulen. Lærarar har metodefridom når det gjeld bruk av lekser. Me ynskjer med dette auka motivasjon for læring samt få til godt samarbeid med heimane.

- Frå 01.08.2020 var den nye læreplanen LK20 (Kunnskapsløftet 2020) gjeldande. Dette året har mange av fellesmøta våre gått til opplæring. Me har nytta dei ulike kompetansepakkane knytt til fagfornyinga (Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakker). Me har òg nytta planleggingsdagar til å snakka om verdiar og at ein oppnår resultat saman med andre.
- LK20 har kompetansemål i svømming for 2., 4. og 7. trinn (var berre 4.trinn før). Skulen har difor auka symjeopplæringa med eitt år samt utvida året med ein måned. No får elevane opplæring slik: 15 bassengøkter på trinn 2 og 7 og 30 basengøkter på trinn 4.
- Skulen fekk tilskot frå Fylkesmannen på om lag kr 950 000 til digitale skjermar i alle klasserom samt datamaskiner til 1.-3.trinn. Dei kjem på plass i første halvdel av 2021. Då har skulen ei datamaskin til kvar elev samt digitale skjermar i alle klasserom + fellesrommet.



Ein av dei nye digitale skjermene.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar/rektor:

Kurt Helge Pedersen

Netto driftsutgifter:

Kr 10 747 260

(av dette kr 69 934
tapsført refusjon)

Avvik mot rev.budsjett:

Kr 511 201

(mindreforbruk 4,54 %)

Tal tilsette:

18

Tal årsverk:

Vår 15,47

(0,75 årsverk av dette til
Vidareutdanning for to
pedagogar. Vikarutgifter
refundert frå stat)

Haust 15,64

(1,125 årsverk av dette til
vidareutdanning for tre
pedagogar. Vikarutgifter
refundert frå stat)

Tal elevar:

Vår 79 / Haust 88

Adresse til nettside:

<https://www.minskole.no/>
Samnanger ungdomsskule



Eining Samnanger ungdomsskule

Ansvarsområde

Samnanger ungdomsskule har ansvar for opplæringa frå 8. til 10. trinn i grunnskuleopplæringa og driv etter gjeldande lovverk. §9A-2 i opplæringslova er grunnleggjande: *Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Utviklingstrekk

Samnanger ungdomsskule har som alle andre sidan 12. mars 2020 gjennomført ei rekke koronatiltak. Dette har prega året. Det har blitt sett i gang mange tiltak på kort varsel for å sikra opplæringa til elevane, og dei tilsette har merka auka arbeidspress i denne perioden. Det har vore ekstra fokus på å ta vare på alle, både elevar og tilsette, under koronapandemien. Me har klart å gje eit godt tilbud til elevane utan ekstra kostnader. Handtering av vidare tiltak på grunn av pandemien vil òg prega 2021.

Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2020

Fagfornyinga: Innføringa av nye læreplanar er hovudsatsingsfelt. Dei tilsette har starta innføringa hausten 2020 for 8. og 9. trinnet. Hausten 2021 er det 10. trinn som står for tur. Me har gjort mykje forarbeid og brukt store delar av fellestida vår til felles kompetanseheving for å verta godt rusta til fagfornyinga hausten 2020. Me har blant anna brukt kompetansepakka som vart utvikla av Utdanningsdirektoratet til dette. Fagfornyingsarbeidet vil halda fram dei neste åra.

Inkluderande skule: Ein god stad å vera – ein god stad å læra, er det overordna slagordet for oss. Me jobbar kvar dag for å gjera kvaliteten best mogeleg både når det gjeld trivsel og læring for elevane. Samnanger ungdomsskule har fokusert mykje på å styrke ungdom si psykiske helse. Me er ein MOT skule som følgjer eit anerkjent program for å gje dei unge reiskap til å styrke si psykiske helse og takle motgang og utfordringar. Programmet fokuserer òg mykje på å styrke toleranse, forståing og samhald. Me har hatt gode erfaringar med dette arbeidet, ikkje minst i koronapandemien.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (§9A-2 i opplæringslova). Me arbeider kvar dag for å nå dette målet og set inn tiltak som lovverket krev gjennom Aktivitetsplikten. I tillegg set me i gang førebyggjande tiltak og fellesopplevingar for å styrke skulemiljøet. Tett samarbeid mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing, skulehelsetenesta, PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste), kommunepsykolog og andre fagmiljø er svært viktig og fungerer godt.

Verdsdagen for psykisk helse vart markert i oktober med besøk av Mobbeombod. Ho hadde mobbing som tema både for elevane og

dei tilsette. I november hadde me vitjing av politiet i høve førebyggjande arbeid når det gjeld rusmisbruk og andre utfordringar som ungdomane møter.

Juniorforskarprosjekt: Skulen har gjennomført eit samarbeidsprosjekt med Universitetet i Bergen med 9. trinn i 2020. Elevar og lærarar som deltok i prosjektet har fått opplæring og tilbakemelding i samarbeid med planlegging og gjennomføringa av elevstyrte forskingsprosjekt i 2020. Dette er eit pilotprosjekt som me vil vidareføre framover.



Utemiljøet: 2019 starta med ei rekke utbetringar av tilbodet for elevane i friminutta. Dette har me halde fram med i 2020. Innkjøp og installering av fleire aktivitetstilbod i friminutta har ført til auka fysisk aktivitet hos elevane. Siste halvdel av 2020 har elevane hatt trinnvise friminutt. Med færre elevar ute samtidig har tilgangen til ulike aktivitetar vore betre enn før. Me vil vurdere om trinnvise friminutt òg kan bli vidareført i nokre av friminutta når koronapandemien er over.

Arbeidslivsfag: Hausten 2020 utvida me tilbodet om arbeidslivsfag for fleire elevar enn tidlegare. Faget er eit sidestilt alternativ til framandspråk/fordjupingsfag som elevane vel. Elevane har gjort mykje vedlikehald på skulen, oppussing av elevrådsrom og skifting av kledning i ballbinge med meir. Skulen ønsker å framheve praktisk arbeid som sidestilt med teoretisk arbeid. Det er litt ekstra kostnader med å tilby arbeidslivsfag som tredje alternativ. Minimumskrav er to fagalternativ.

Grøn skule: Samnanger ungdomsskule vil engasjere seg meir i å jobbe med temaet berekraftig miljø i åra framover. Dette er òg i tråd med fagfornyinga. Betre handtering av avfall er me i ferd med å utvikla vidare. Dette er satsingsfelt «Grøn skule» i 2020. Skulen har kjøpt inn nye avfallsbøtter med fargekodar for betre sortering.

Vidareutdanning for pedagogar: Samnanger ungdomsskule sitt slagord *Ein god stad å vera og ein god stad å læra*, gjeld i høgste grad òg for dei vaksne som jobbar på skulen. Me er ein lærande organisasjon, og me skal heile tida utvikle oss. I 2020 har to tilsette fullført vidareutdanning i naturfag og matematikk, og tre har starta vidareutdanning i matematikk og norsk gjennom Utdanningsdirektoratet. Ein lærar har òg fått funksjonen lærarspesialist i matematikk, ei rolle som skal rettleie andre tilsette i matematikk med ny forskning og metodar i tråd med fagfornyinga.

Måloppnåing

Det er ikkje alt arbeid i skulen som er lett å måle presist. Grunnskulepoeng og resultat på nasjonale prøver er konkrete talverdiar, men det viser ikkje heilskapen av alt det skulen driv med. Resultata syner at me nådde målet om å vera over snittet i Vestland i grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er eit samla mål for elevane sine karakterar i fag ved avslutninga av 10. trinn – både standpunkt- og eksamenskarakterar. (I 2020 vart både skriftleg og munnleg eksamen avlyst på grunn av koronapandemien.)

Det er òg gode resultat på dei nasjonale prøvene. 8. trinn ligg over snittet i Vestland både i lesing, engelsk og rekning, medan lesing på 9. trinn ligg likt med Vestland. Me ligg eitt poeng under på rekning på 9.trinn.

Grunnskulepoeng Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N) Vestland (V)

	2016	2017	2018	2019	2020
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	43,9 SUS 41,6 H 41,2 N	45,6 SUS 41,8 H 41,4 N	43 SUS 42,3 H 41,8 N	42,8 SUS 42,1 H 42,0 N	44,9 SUS 43,3 V 43,2 N

Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N) Vestland (V)

2017-2020	SUS-17	H-17	N-17	SUS-18	H-18	N-18	SUS-19	H-19	N-19	SUS-20	V-20	N-20
Lesing 8 tr	50	49	50	47	49	50	49	49	50	51	49	50
Lesing 9 tr	57	53	54	45	53	53	54	53	54	53	53	54
Engelsk 8 tr	51	50	50	48	50	50	51	50	50	53	50	50
Rekning 8 tr	51	50	50	48	49	50	50	49	50	53	50	50
Rekning 9 tr	54	54	54	55	54	54	53	53	54	52	53	53

tr = trinn

Resultata vert analyserte, og er først og fremst eit verktøy for kartlegging av kvar enkelt elev som kan føre til tilpassing av opplæringa vidare.

Skoleporten - Elevundersøkelsen			
Samnanger ungdomsskule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2020-2021, Trinn 10, Begge kjønn			
Indikator og nøkkeltall	Samnanger ungdomsskule	Vestland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,9	3,8	3,9
Elevdemokrati og medvirkning	3,9	3,3	3,4
Faglig utfordring	4,4	4,2	4,3
Felles regler	4,3	4,0	4,0
Trivsel	4,0	4,1	4,1
Mestring	4,1	3,9	3,9
Utdanning og yrkesveiledning	3,9	3,7	3,8
Støtte fra lærerne	4,1	4,0	4,1
Motivasjon	3,6	3,4	3,5
Vurdering for læring	3,6	3,3	3,3
Støtte hjemmefra	3,8	4,0	4,1

Elevundersøkinga hausten 2020 med indikator og nøkkeltal viser betre resultat på dei fleste punkta samanlikna med Vestland fylke og nasjonalt nivå. *Trivsel* og *støtte hjemmefra* er dei to punkta som kjem under snittet. Me jobbar med trivselstiltak fortløpande. Variert undervisning og meir praktisk orientering er nokre av fokusområde i fagfornyninga som òg kan føre til auka trivsel. Når det gjeld *støtte hjemmefra*, kan skulen leggja meir vekt på informasjon om korleis føresette kan hjelpa og oppmuntre elevane i skularbeidet.

Økonomi: Skulen har halde seg godt innanfor gjeldande budsjetttramma på 11,26 mnok med kr 540 000 i mindreforbruk. Lite sjukefråvær (1,63 %) og fleksible arbeidstakarar har gitt låge

vikarutgifter. Ein del større innkjøp har me sett på vent, blant anna til kunst og handverksavdelinga. Me har kjøpt inn ein del bord og stolar til elevane, og i samband med fagfornyninga har me kjøpt inn ein del nye læremiddel.

Arbeidsmiljø: Medarbeidarsamtalar og brukarundersøkinga viser at det er god trivsel blant dei tilsette. Dette fremjar òg kvaliteten på arbeidet med elevane. Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i samla fellesskap. Me har størst fokus på samla kompetanseheving innanfor fagfornyninga i år og neste år. Dei tilsette er engasjerte, men det er viktig å ikkje gape over for mange andre prosjekt som kanskje ikkje blir fullførte og som igjen kan føre til mindre motivasjon, trivsel og kvalitet. Innføring av nye læreplanar samtidig med koronapandemien har vore utfordrande.

Koronapandemien har avgrensa litt av den felles sosiale tida me alle har ilag, men me har prøvd å ivareta det sosiale ved å leggje inn litt felles pause før fellesmøtet måndag i periodar. Einingsleiar opplever elles eit godt samarbeid med andre einingar og andre samarbeidspartnarar.

Spesielle hendingar i 2020

Koronapandemi: Torsdag 12. mars 2020 vart Samnanger ungdomsskule stengd som eit smitteverntiltak, og det vart gjennomført heimeskule. Elevane fekk arbeidsplan som dei skulle jobba med denne dagen heime, medan dei tilsette brukte dagen til å førebu organiseringa av heimeskulen framover.

Frå fredag 13. mars starta me med samling klassevis på Teams, og hadde fast møtetid og dagsplanar. Dette vart gjort for å ha direkte kontakt med kvar enkelt elev som var heime. Dei tilsette evaluerte organiseringa fortløpande med faste ettermiddagsmøte på Teams kvar dag. Informasjon til føresette vart sendt hyppig gjennom Transponder til føresette for å orientere om utviklinga. Målet var å lage eit opplæringstilbod som var nærast mogeleg vanleg skulesituasjon til tross for at det var heimeskule. Det vart etterkvart òg tilbod for «sårbare elevar» på skulen i små kohortar to dagar i veka.

14. mai vart skulen opna att for alle elevane, og me har gjennomført opplæring på raudt og gult nivå i ulike periodar etter å ha utarbeidd tiltaksplanar på dei ulike nivåa:

14.mai- 2.juni: Raudt nivå

3.juni – 22. desember: Gult nivå

Det har vore eit utfordrande år både for elevar, føresette og tilsette. Me har klart å gjennomføre eit opplæringstilbod av god kvalitet takka vera god innsats og ikkje minst vilje og evne til fleksibilitet. I motsetning til dei fleste skulane i landet, har me klart å halda skulen open for alle klassane samtidig og hatt færre dagar med heimeskule enn mange andre. Lærarane har leia undervisninga gjennom Teams når dei har vore småsjuke eller venta på testresultat frå koronatest. Vikarbehovet har dermed vore lågare enn kanskje mange hadde forventa.



Den gode handteringa av koronasituasjonen viser kva kvalitetar som ligg hos dei tilsette og at me har eit godt samarbeid heim-skule. Det er ei ekstra belastning på dei tilsette som er til stades med elevane og utset seg sjølv i større grad for smittefare enn ein del andre yrkesgrupper.

Assistentane var i beredskap og var klar til å bli overført til andre einingar dersom behov. Under heimeskuleperioden mars-mai fekk dei litt ledig tid som vart nytta til oppussing av kantina vår. Etter at elevane kom tilbake til skulen i mai, har me fått glede av å bruka den «nye kantina.»

Vedlegg

Rekneskapsskjema 2019

Balanserekneskapen

Tall i 1 kroner	Noter	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
EIENDELER			
A. ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg	10	403 902 102	375 310 377
Utstyr, maskiner og transportmidler	10	8 003 637	6 384 963
Pensjonsmidler	4	261 673 663	244 077 888
Utlån		3 237 749	3 377 158
Aksjer og andeler	6b	7 099 473	6 524 905
Sum anleggsmidler		683 916 624	635 675 291
B. OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		18 401 850	15 081 740
Aksjer og andeler	6b	0	0
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		56 714 982	54 621 025
Premieavvik	4	13 963 462	13 592 318
Sum omløpsmidler		89 080 294	83 295 083
Sum eiendeler		772 996 918	718 970 374
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	7	-9 718 861	-7 620 024
Bundne driftsfond	7	-7 915 129	-9 636 136
Ubundne investeringsfond	7	-10 012 820	-7 765 742
Bundne investeringsfond	7	-4 447 456	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	2	-20 105	-1 260 328
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	9	-137 423 981	-141 074 371
Sum egenkapital		-167 747 450	-165 716 828
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelser	4	-305 067 882	-281 846 114
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	13	-253 164 376	-228 865 605
Sum langsiktig gjeld		-558 232 258	-510 711 719
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-45 844 713	-40 665 792
Premieavvik	4	-1 172 497	-1 876 035
Sum kortsiktig gjeld	13	-47 017 210	-42 541 827
Sum egenkapital og gjeld		-772 996 918	-718 970 374
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		11 739 612	16 110 795
Andre memoriakonti		1 351 826	2 180 623
Motkonto for memoriakontiene		-13 091 438	-18 291 418
Sum memoriakonti		0	0

Rekneskapskjema 1A - Driftsrekneskapen

Tall i 1 kroner	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Regnskap 2018
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue	-61 889 367	-63 192 000	-66 592 000	-60 026 677
Ordinart rammetilskot	-90 097 493	-88 492 000	-85 532 000	-87 660 358
Skatt på eigedom	-12 522 197	-12 411 161	-12 421 161	-12 280 219
Andre direkte eller indirekte skattar	-6 597 569	-5 249 457	-5 249 457	-6 407 958
Andre generelle statstilskot	-3 707 597	-3 557 133	-3 129 833	-6 987 529
Sum frie disponible inntekter	-174 814 224	-172 901 751	-172 924 451	-173 362 740
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-758 225	-808 000	-676 000	-612 809
Gevinst finansielle instrument	-4 480	0	0	-3 369
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 229 119	4 749 000	4 749 000	4 280 037
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån	8 035 477	8 079 500	8 269 500	8 394 909
Netto finansinntekter/-utgifter	11 501 892	12 020 500	12 342 500	12 058 768
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	4 452 093	4 452 093	5 295 765	2 541 160
Til bundne avsetningar	1 726 476	1 187 801	1 247 475	3 500 583
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-1 260 328	-1 260 328	0	-8 922
Bruk av ubundne avsetningar	-1 275 931	-1 382 000	0	-750 000
Bruk av bundne avsetningar	-4 327 483	-4 286 894	-2 953 993	-3 560 097
Netto avsetningar	-685 174	-1 289 328	3 589 247	1 722 724
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	157 960
Til fordeling drift	-163 997 506	-162 170 579	-156 992 704	-159 423 288
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	163 977 401	162 170 579	156 992 704	158 162 960
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	-20 105	0	0	-1 260 328

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen

Tall i 1 kroner	Opprinnelig Budsjett			
	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	2019	Regnskap 2018
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	48 665 984	55 797 341	63 703 763	12 095 913
Utlån og forskotering	23 836 893	23 837 325	23 941 000	24 257 137
Avdrag på lån	151 752	267 000	267 000	210 690
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	9 425 980	8 995 455	6 697 955	7 036 876
Årets finansieringsbehov	82 080 609	88 897 121	94 609 718	43 600 616
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-36 857 183	-42 609 786	-47 507 352	-7 268 559
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-4 698 750	-4 250 000	-3 800 000	-4 207 078
Tilskot til investeringar	-3 147 500	-3 147 500	-1 300 000	-1 450 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-9 145 525	-9 145 510	-11 235 366	-2 482 166
Mottekte avdrag på utlån og refusjonar	-25 151 752	-25 267 000	-26 667 000	-25 473 183
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-79 000 710	-84 419 796	-90 509 718	-40 880 986
Overført frå driftsbudsjettet	0	0	0	-157 960
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-3 079 899	-4 477 325	-4 100 000	-2 561 670
Sum finansiering	-82 080 609	-88 897 121	-94 609 718	-43 600 616
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1 kroner	Opprinnelig budsjett			
	Regnskap 2019	Regulert budsjett 2019	2019	Regnskap 2018
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-7 895 530	-7 926 126	-7 396 000	-7 722 627
Andre salgs- og leigeinntekter	-22 771 541	-22 728 925	-20 177 483	-19 755 454
Overføringer med krav til motytelsar	-24 755 103	-22 430 594	-16 047 665	-26 555 592
Rammetilskot frå staten	-90 097 493	-88 492 000	-85 532 000	-87 660 358
Andre statlege overf.	-3 707 597	-3 557 133	-3 129 833	-6 987 529
Andre overføringer	-895 414	-756 716	-100 616	-979 846
Skatt på inntekt og formue	-61 889 367	-63 192 000	-66 592 000	-60 026 677
Eigedomsskatt	-12 522 197	-12 411 161	-12 421 161	-12 280 219
Andre direkte og inndirekte skattar	-6 597 569	-5 249 457	-5 249 457	-6 407 958
Sum driftsinntekter	-231 131 812	-226 744 112	-216 646 215	-228 376 259
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	119 956 308	117 396 091	111 270 096	116 568 044
Sosialekostnader	32 061 033	30 624 054	30 825 682	30 454 149
Kjøp som inngår i kommunal prod.	29 302 936	28 516 003	27 808 252	30 469 905
Kjøp som erstattar eigen prod.	24 011 508	24 091 682	25 750 820	24 105 782
Overføringer	15 847 252	16 105 374	5 774 882	12 281 602
Avskrivningar	13 264 632	13 298 154	13 351 945	13 293 138
Fordelte utgifter	-884 065	-720 264	-715 264	-730 553
Sum driftsutgifter	233 559 603	229 311 094	214 066 413	226 442 068
Brutto driftsresultat	2 427 791	2 566 982	-2 579 802	-1 934 192
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-758 225	-808 000	-676 000	-612 809
Gevinst Finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-4 480	0	0	-3 369
Mottatte avdrag på lån	-12 072	0	0	-19 350
Sum eksterne finansinntekter	-774 776	-808 000	-676 000	-635 529
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 229 119	4 749 000	4 749 000	4 280 037
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	8 035 477	8 079 500	8 269 500	8 394 909
Utlån	12 090	0	0	46 899
Sum eksterne finansutgifter	12 276 686	12 828 500	13 018 500	12 721 845
Resultat eksterne finanstransaksjoner	11 501 910	12 020 500	12 342 500	12 086 317
Motpost avskrivningar	-13 264 632	-13 298 154	-13 351 945	-13 293 138
Netto driftsresultat	665 069	1 289 328	-3 589 247	-3 141 013
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-1 260 328	-1 260 328	0	-8 922
Bruk av disposisjonsfond	-1 275 931	-1 382 000	0	-750 000
Bruk av bundne fond	-4 327 483	-4 286 894	-2 953 993	-3 560 097
Sum bruk av avsetninger	-6 863 743	-6 929 222	-2 953 993	-4 319 018
AVSETNINGER				
Overføring til investeringsrekneskap	0	0	0	157 960
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	4 452 093	4 452 093	5 295 765	2 541 160
Avsetning til bundne driftsfond	1 726 476	1 187 801	1 247 475	3 500 583
Sum avsetninger	6 178 569	5 639 894	6 543 240	6 199 703
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-20 105	0	0	-1 260 328
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-0,29 %	-0,57 %	1,66 %	1,38 %

Økonomisk oversikt - Investering				
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinnelig budsjett 2019	Rekneskap 2018
INNTEKTER				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-4 698 750	-4 250 000	-3 800 000	-4 207 078
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	0	0	-1 400 000	-262 493
Kompensasjon for meirverdiavgift	-9 145 525	-9 145 510	-11 235 366	-2 482 166
Statlege overføringer	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 200 000
Andre overføringer	-1 847 500	-1 847 500	0	-250 000
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	-16 991 775	-16 543 010	-17 735 366	-8 401 737
UTGIFTER				
Lønsutgifter	722 961	567 282	517 482	338 518
Sosiale utgifter	255 304	196 370	179 270	96 411
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	37 188 227	44 534 211	51 117 677	8 870 882
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringer	9 999 493	9 999 478	11 389 334	2 790 102
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	500 000	500 000	500 000	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	48 665 984	55 797 341	63 703 763	12 095 913
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	151 752	267 000	267 000	210 690
Utlån	23 262 325	23 262 325	23 250 000	23 625 000
Kjøp av aksjar og andelar	574 568	575 000	691 000	632 137
Dekking av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	6 698 480	6 697 955	6 697 955	6 696 876
Avsetningar til bundne investeringsfond	2 727 500	2 297 500	0	340 000
Sum finansieringstransaksjoner	33 414 625	33 099 780	30 905 955	31 504 703
Finansieringsbehov	65 088 834	72 354 111	76 874 352	35 198 879
FINANSIERING				
Bruk av lån	-36 857 183	-42 609 786	-47 507 352	-7 268 559
Mottekne avdrag på utlån	-25 151 752	-25 267 000	-25 267 000	-25 210 690
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringer frå driftsrekneskap	0	0	0	-157 960
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 077 325	-1 077 325	-1 060 000	0
Bruk av bunde driftsfond	0	0	-345 402	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-1 482 559	-2 880 000	-2 319 598	-2 254 161
Bruk av bundne investeringsfond	-520 015	-520 000	-375 000	-307 509
Sum finansiering	-65 088 834	-72 354 111	-76 874 352	-35 198 879
Udekket / Udisponert	0	0	0	0